

Frå raseideolog til Milorg-mann
Oliver H. Langeland sin politisk-ideologiske bakgrunn



Lena Tveit Saur
Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, konservering og historie, IAKH
Universitetet i Oslo
Haust 2015

Frå raseideolog til Milorg-mann. Oliver H. Langeland sin politisk-ideologiske bakgrunn



Bilde: Oliver H. Langeland av Andreas Hauge
Henta frå *Milorg D13 i Kamp* av Kjell Sørhus

© Lena Tveit Saur
2015

Frå raseideolog til Milorg-mann. Oliver H. Langeland sin politisk-ideologiske bakgrunn

Lena Tveit Saur

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

I løpet av karriera som strekte seg over fleire tiår hadde Langeland tre ulike rollar. Han var ein høgreaktivistisk føredragshaldar som var alvorleg bekymra for den vesteuropeiske befolkninga sin undergang, distriktssjef i Milorg-D13, og til slutt ein motstandar av landssviksoppgjeret og av embetsmenn han hevda var tyskvenlege og Arbeidarpartiet. I løpet av 1930-talet byrja han å fokusere meir på befolkningsutviklinga i Vest-Europa og den kommande undergangen til den kvite rase. Langeland vart på denne tida ein populær og ettertrakta føredragshaldar og skribent, både blant konservative høgreaktivistar og nasjonalsosialistar i Noreg, men også nazistane i Tyskland fekk høyre om den norske «befolkningsekspernten» Oliver H. Langeland. Hausten 1940 var dette ein mann dei tyske okkupantane ville ha tak i.

Forord

Hausten 2013 starta eg Prosjekt-Langeland. Då eg kom i gang med masteroppgåva visste det seg at den kom til å bli ein god del meir utfordrande enn eg hadde trudd.

Vil først rette ei stor takk vegledar Terje Emberland, som har komme med mange spennande innspel til oppgåva, lån av bøker og gode tilbakemeldingar

Eg vil også takke dei som har vore meir engasjert enn meg til tider når det har gått litt tregt.

Noko som har smitta over på meg, av og til, takk mamma og pappa. Og ei stor takk til Bestn for korrekturlesing av oppgåva.

Med denne oppgåva er opphaldet mitt ved UIO over. So løge.

Innholdsliste

Samandrag.....s. 5

Forord.....s. 7

Kapittel 1:

Historiografi.....s. 11

Tema og problemstilling.....s. 13

Kjelder.....s. 14

Struktur.....s. 15

Forkortingar.....s. 16

Kapittel 2:

Dømmer ikke.....s. 17

Forat I ikke skal dømmes.....s. 19

Arbeidarpartiet.....s. 20

Kapittel 3:

Oliver H. Langeland – ein biografi.....s. 23

Distriktssjef i Milorg.....s. 24

Rettsaka mot Oliver H. Langeland.....s. 26

Kapittel 4:

Livsvilje og skjebnespørsmål.....s. 31

Langeland og Jon Alfred Mjøen.....s. 35

Kapittel 5:

Langeland og Fedrelandslaget.....s. 37

Kapittel 6:

Langeland og Ragnarok.....s. 46

Kapittel 7:

Langeland og Landnám.....s. 53

Kapittel 8:

Nazifiseringa av Norsk Rikskringkasting....s. 56

Rundfunk Abteilung.....s. 57

Kapittel 9:

Langeland sitt føredrag 23. juli 1940.....s.65

Kapittel 10:

Dr. Jochen Rietz.....s. 69

Kapittel 11:

SIPO og SD 1940-1942.....s. 74

Kapittel 12:

Vart kven som helst kontakta av nazistane? s. 79

25. september 1940.....s. 80

Kapittel 13:

Langeland i dag.....s. 84

Avslutning/konklusjon.....s.86

Litteraturliste.....s. 87

Vedlegg.....s. 90

Historiografi

Oliver H. Langeland vart i 1950 anmeldt og tiltalt for alvorlege straffbare handlingar på grunn av bøkene sine, *Dømmer ikke* og *Forat I ikke skal dømmes*, som kom ut i henholdsvis 1948 og 1949. Den sterke kritikken i bøkene av embetsmennene sitt samarbeid med dei tyske okkupantane og med det einsidige ved landssvikoppgjæret førte til at Langeland vart anmeldt av riksadvokaten. Etter rettssaka, som vart avslutta i 1952, vart bøkene inndratt og fleire av påstandane i dei mortifisert. Etter dette gjekk Langeland gradvis i gløymebooks saman med fleire som hadde jobba i Milorg under krigen. Det er ikkje snakk om at dei vart ignorert. Milorg var ein såpass stor organisasjon under krigen at medlemmane og organisasjonen har blitt heidra kollektivt, med andre ord er ingen er utelatt. I 2009 utkom Ingerid Hagens bok *Oppgjørets time - Om landssvikoppgjørets skyggesider*. Dette var den første boka som omtalte Oliver H. Langeland første gang i, sidan injurierettssaka at Langeland vart fremja som eit sannhetsvitne om forholda knytt til okkupasjonen av ein faghistorikar etter krigen, og boka førte til at fleire igjen fekk augene opp for denne mannen. Året etter vart bøkene til Langeland gitt ut på nytt. Boka til Hagen vart etterfølgt av boka *Krig og sannhet-Langelandsaken og landssvikoppgjøret*, skriven av Arvid Bryne, og gitt ut i 2012. Bøkene gjorde Langeland igjen til ein aktuell person.

Bøkene til Bryne og Hagen har til felles er fokuset på Langeland som kjempa ein nesten umogeleg kamp mot AP-regjeringa etter krigen. Spesielt i boka til Bryne verdt han framstilt som ein mann som var eit offer for ein mektig og autoritær AP-stat. Dei hevdar begge at Langeland vart knebla. Resultatet av injuriersaka var at han vart sett på som nærmast ein landssvikar.

Forskjellen på bøkene til Hagen og Bryne er at Hagen tek føre seg fleire injuriersaker etter krigen, blant anna saka mot Toralv Fanebust som måtte i fengsel for å ha kome på kant med de nye makthavarane etter frigjeringa i 1945. Derfor gir ho ikkje eit like detaljert bilde av Langeland, medan Bryne fokuserer berre på Langeland. Dei brukar dei same kjeldene, som er saksdokument, stenografiske referat frå rettssaken mot Langeland. Desse kjeldene gir ikkje noko detaljert bilde av kven Langeland var som person, eller hans politisk-ideologiske bakgrunn. Ein kan ikkje få eit tydeleg bilde av ein så kompleks mann når ein brukar så få kjelder, når ein berre ser Langeland i den korte perioden mellom 1948-1952. Han var langt meir enn det Bryne og Hagen skriv.

Både Hagen og Bryne skriv kort at Langeland heldt eit føredrag i NRK sommaren 1940. Begge skriv at Langeland med dette var blitt skulda for å ha drive med tysk propaganda. Men ingen av dei kjem meir inn på det, sjølv om påstandane vart dementert.

Som ledd i ein rehabilitering av Langeland, i 2013 byrja planlegginga av ei byste som skulle heidra han. Ein av initiativtakarane var John Olav Vereide frå Eid, med Arvid Bryne som ein ivrig støttespelar. Prosjektet fekk blanda tilbakemeldingar frå fleire historikarar som meinte at det ikkje var behov for ei slik byste. Blant andre, historikar og stipendiat ved Holocaust-senteret Øystein Hetland og professor Odd-Bjørn Fure. Hetland hevda at det sterke agget mot Ap-regjeringa gjorde at han var altfor unyansert i kritikken sin og at Langeland ikkje får med seg den avgjerande forskjellen i krigen slik han stod fram i Norge i 1940 og i 1942. Fure meinte at Langeland gjekk for langt i sin kritikk av Nygaardsvold-regjeringa og rettsoppgjeret. Som heilskap så skyt ein del av kritikken hans over mål.¹

Den 27. juni 2015 vart endeleg bysta av Oliver H. Langeland avduka på eksersisplassen på Eid. Han vart heidra for sin innsats under krigen, men først og fremst motet han viste då han ga ut bøkene *Dømmer ikke* i 1948 og *Forat I ikke skal dømmes* i 1949. Dagen vart omtalt som «ein dag for historiebøkene» og Oliver H. Langeland var ein mann som «stod for demokrati og rettvise.»²

Det ein under denne seremonien ikkje nemnde var at Langeland i dag er ein omstridt mann, og det var lenge usemjer om Langeland skulle få ei byste. Bysta fekk korkje økonomisk støtte frå fylkeskommunen eller Forsvarsdepartementet. Grunngevinga frå Forsvarsdepartementet var at krigsinnsatsen hans ikkje var eksepsjonell, i tillegg på grunn av Langeland sine befolknings- og rasepolitiske haldningar før krigen. Forsvarsdepartementet uttalte også at haldningane til Langeland ikkje var foreinelege med det ein kan godta i dag.³

Då desse planane vart satt i gang, var det ingen som verkeleg hadde studert Langeland biografisk. I Hagen og Bryne sine bøker var det berre fokusert på rettssaken og behandlinga som Langeland opplevde kort tid før, under og etter rettssaka mellom 1948-1952. Nyare studie av Langeland, og bruk av fleire kjelder, viser at han hadde andre sider enn det som kjem fram i bøkene til Hagen og Bryne.

¹ <http://www.nrk.no/sognogfjordane/utskjelt-milorg-sjef-far-oppreising-1.11046555>, Lest 04.11.2015

² <http://www.fjordabladet.no/ein-dag-for-historiebokene/>, Lest 26.10.2015

³ <http://www.nrk.no/sognogfjordane/forsvaret-vil-ikkje-heidre-milorg-sjef-1.12333979>, Lest 26.10.2015

Tema og problemstilling

Eg valte å skrive om Oliver H. Langeland fordi eg oppdaga at han gjekk frå å vere ein ukjent og gløymt mann til å bli særskild aktuell mann i 2013. Eg fann tidleg ut at eg ikkje ville skrive om Langeland som distriktssjef i Milorg D-13 eller om bøkene

Dømmer ikke og *Forat I ikke skal dømmes*. Dette er noko som var kjent for folk flest, etter at bøkene til Hagen og Bryne kom ut. Den militære motstandskarrieren til Langeland er det allereie skrive ein del om. Dei bøkene som handlar om Langeland som distriktssjef i Milorg D-13 er *Milorg i Stor-Oslo* av Terje Diesen og *Offiser i krig* av Svein Blindheim.

Ved å ta i bruk lang tid fleire relevante kjelder enn Bryne og Hagen har gjort, kan ein oppdage nye sider ved Langeland. Dette var ein mann som før krigen, og før han ble distriktssjef i Milorg D-13, var særskild opptatt av befolknings- og rasespørsmål, og som hadde kontakt med sterkt høgorenterte krinsar, til dømes fleire nasjonalsosialistiske-organisasjonar i Noreg.

Ved å ta utgangspunkt i føredraget han heldt i NRK sommaren 1940, som har blitt ignorert av andre forfattarar, har eg funne ut at Langeland på grunn av sine befolkningspolitiske synspunkt var ein ettertrakta mann for de tyske nazistane. Han vart personleg kontakta av ein tyskar, som ville tilby han jobb for ein norsk-nazistisk befolkningsorganisasjon som skulle opprettast hausten 1940. Langeland takka nei til jobben og viste til at han var norsk offiser. Dette er den einaste forklaringa på kvifor han takka nei til ein jobb som burde vere perfekt for han.

Temaet i denne oppgåva er altså først og fremst Langeland før krigen. Problemstillinga blir å finne ut meir om hans politiske og ideologiske holdningar – noko som også kan bidra til å forklare hans intense motstand mot Arbeidarpartiet etter krigen. Kva var hans synspunkt på rase- og befolkningspolitikk? Var han, som dei tyske okkupantane tydelegvis trudde, ein nasjonalsosialist, eller var han ein konservativ nasjonalist? Eit av måla er å forsøk å forklare kvifor dei tyske okkupantane kontakta Langeland med tilbodet om å bli befolkningspolitisk talsmann. Her er det fleire faktorar som har spelt inn og det er desse faktorane eg skal finne i oppgåva.

Det vart endå meir aktuelt då eg oppdaga boka *Det er liv eller død det gjelder* som Langeland ga ut tre år før krigen. I tillegg hadde forlaget G. Stenersen Forlag⁴ gitt ut ein føredragsserie om det nye Tyskland i 1940, der Langeland var ein av deltakarane.

⁴ Forlag som samarbeidde med Nasjonal Samling

Kjelder

Det finst ingen offisielle biografier om Langeland, men det finst ein god del om Langeland sitt arbeid under krigen. Dette gjeld bøkene *Offiser i krig og fred* av Sverre Blindheim, *Milorg i Stor-Oslo* av Terje Diesen og biografien om Jens Chr. Hauge av Olav Njølstad. Om livet til Langeland har eg tatt i bruk digitalarkivet.no og boka *Studentene frå 1910*. I sistnemnte står det også ein del om utdanninga i militæret. Bøkene *Oppgjørets time. Om landssvikoppgjørets skyggesider* av Ingerid Hagen, *Krig og sannhet. Langelandsaken og landssvikoppgjøret* av Arvid Bryne tek føre seg rettssaka mot Langeland etter at han ga ut *Dømmer ikke* og *Forat I ikke skal dømmes* og dommen han fekk. *Dømmer ikke* og *Forat I ikke skal dømmes* er begge av Langeland. I bøkene kritiserte han blant anna landssvikoppgjøret, Arbeidarpartiet og fleire tenestemenn han hevda var tyskvenlege. Eg har også brukt den ukjente boka *Det er liv eller død det gjelder* som Langeland ga ut i 1937.

For å finne ut meir om det som skjedde rundt Langeland, om foreiningar og personar han hadde kontakt med, har eg brukt bøkene *Himmlers Norge* av Terje Emberland og Matthew Kott, *Religion og rase* av Terje Emberland og *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk* av Andreas Norland og ulike tidsskrift og aviser som Ragnarok, ABC og Aftenposten. For å finne ut om Langeland hadde ei tilknytning til Nazi-Tyskland har fleire dokument frå Riksarkivet vore særers relevant. Føredragsserien *Det nye Tyskland*, har vore interessant når ein studerer dei andre personane som heldt føredrag saman med Langeland i 1940. NRK-arkivet og Forsvaret sitt sakarkiv hadde også interessant informasjon om Langeland, sidan dette er kjelder ingen har oppdaga før.

Struktur

Oppgåva er bygd opp tematisk. Den startar med ein introduksjon av bøkene til Langeland, deretter kritikken han retta mot Arbeidarpartiet i desse bøkene. Etter det blir oppgåva kronologisk og den startar med ein biografi om Oliver H. Langeland, som også inkludera karriera hans i Milorg og rettssaka i 1950.

I dei neste kapitla skal eg ta føre meg dei faktorane som førte til at Langeland vart kontakta av Nazi-Tyskland. Eit teikn på det er eit føredrag han heldt i 1940, då vart han ein del av «propaganda-maskina» til nazistane i Noreg. I tillegg kjem kontakten med det nasjonalsosialistiske miljøet i Noreg og andre tyskvenlege personar i omgangskretsen. Oppgåva blir dermed kronologisk og tematisk.

Avslutningsvis vil eg også skrive kort om kvifor ikkje Langeland ikkje er nemnt etter krigen. Var det verkeleg på grunn av bøkene som mange hevdar? Sjølv om det sistnemnte ikkje er ein del av problemstillinga, er det likevel eit spørsmål eg føler treng ei forklaring, sidan det har vore fleire usemjer om dette etter at bøker til Langeland vart gitt ut på nytt i 2010, og blitt kraftig debattert av fleire personar.

Forkortingar:

Administrasjonsrådet: Organ som mellombels leia siviladministrasjonen i den okkuperte del av Noreg. Oppretta av Høgsterett og fungerte i perioden 15. april–25. september 1940

BdS: Befehlshaber der Sicherheitspolizei und des SD: Øvste sjef for det tyske politiske politiet i Norge

Distrikt-13 (D-13): Omfatta kommunane Oslo, Aker, Bærum, Asker og Lørenskog (Stor-Oslo)

Einsatz-gruppe: Innsatsstyrker, grupper av frivillige fra SS, Waffen-SS, det tyske politiet og SD

EWZ: Einwanderer-Zentralstelle: Immigrasjonskontor

Gestapo: Geheime Staatspolizei: Det hemmelege statspolitiet i det nazistiske Tyskland

Hauptsturmführer: Paramilitær grad i SS. (Kapteins nivå)

KdS: Kommandeur der Sipo und SD: Kommandør av Sipo og SD (tenestestadens navn⁵)

Milorg: Den militære motstandsorganisasjonen i dei okkuperte norske områda 1940–45

NNSAP: Norges Nasjonal-Sosialistiske Arbeiderparti. Stifta i 1932

NSDAP: Nationalsozialistische Deutsche Arbeiterpartei. Stifta i 1920

NS: Nasjonal Samling. Stifta i 1933

Orpo: Ordnungspolizei: Ordenspolitiet

Reichskommissariat Norwegen: Det nasjonalsosialistiske Tyskland sitt sivile forvaltningsorgan i det okkuperte Noreg

RSHA: Reichssicherheitshauptamt: Overordna organ for sikkerhetstenesta i det nasjonalsosialistiske Tyskland

RuSHA: Rasse und Siedlungshauptamt: Sentralkontoret for rase og busetjing

SA: Sturmabteilung: Ein paramilitær organisasjon i Tyskland i mellomkrigstida

SD: Sicherheitsdienst: Sikkerhetstenesta

SL: Sentralledelsen: Milorg sin høgste instans

Sipo: Sicherheitspolizei: Sikkerheitspoliti

SS: Schutzstaffel: Verneavdeling, livvakt

Wehrmacht: Tyskland sitt militære forsvar

⁵ Stavanger, Bergen, Oslo, Trondheim, Narvik

Kapittel 2

Dømmer ikke

Kort tid etter landssviksoppgjereret ga Langeland ut boka *Dømmer ikke*, som vart selt i 25.000 eksemplar. I tillegg til kritikk av fleire tenestemenn, kom han også med sterk kritikk av Nygaardsvold-regjeringa og Arbeidarpartiet. Kvifor skreiv Langeland *Dømmer ikke*? Dette var den mest omstridde boka hans og kom ut i 1948, ikkje lenge etter landssvikoppgjeret. Ifølgje han sjølv tenkte han på rettsoppgjeret i 1945, og fordi han frykta ein ny krig då han skreiv boka tre år etter at krigen var over. Sidan sommaren 1945 hadde motsetningane mellom aust og vest tilspissa seg og Langeland meinte at ein ny krig var på veg. Som gammal offiser og krigsveteran var han opptatt av å styrke landet sitt forsvar både materielt og mentalt. I den forbindelsen såg han med uro på korleis landssvikoppgjeret hadde utvikla seg. Langeland hevda at oppgjeret hadde skapt ei farleg splitting i folket som rysta tilliten til samfunnet si rettsoppfatning og rettsindigheit.⁶

I boka offentleggjorde Langeland ei samling dokument frå krigen sine første år som blant anna viste korleis sentrale namngitte embetsmenn og tenestemenn som ikkje var NS-medlem, men tilpassa seg og samarbeidde med den tyske okkupasjonsmakta og NS-myndigheitene. Dette var dokument som hadde sirkulert mellom dei ulike departementa og innehaldt fleire direktiv både frå NS og Reichskommissariat.

Langeland skriv i *Forat I ikke skal dømmes om Dømmer ikke*: «Det virket som et sjokk på publikum, da de fikk se noen av de dokumenter som viste situasjonen som den virkelig var i krigstiden.»⁷ Boka tok eit kraftig oppgjer med Nygaardsvold-regjeringa og medlemmane av Stortinget sitt presidentskap, Administrasjonsrådet, leiande embetsmenn i Justisdepartementet, fylkesmennene, politietaten, rettsmyndigheitene og tyskararbeidarane. Personane Langeland tok føre seg var blant andre politimester Kristian Welhaven, sorenskrivar og medlem av administrasjonsrådet Ole F. Harbek, fylkesmann i Oslo og Akershus Carl Platou, politiinspektør Lars L'Abbée-Lund og sekretær i justisdepartementet Fredrik Zimmer.

⁶ Ingerid Hagen, (2014), *Oppgjørets time. Om landssviksoppgjørets skyggesider*. Oslo:Spartacus, s 268

⁷ Oliver H. Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*. Oslo:Heim og Samfund A/S, s 9

Boka fekk store konsekvensar for Langeland, og i *Dømmer ikke* skreiv han:

Den reaksjon mot boken som ble prestert av våre offentlige myndigheter virker heller ikke oppløftende. I statsråd den 10. desember 1948 ble det høytidelig besluttet at det skulle oppnevnes en ekstraordinær riksadvokat og en ekstraordinær statsadvokat for å undersøke forholdene i forbindelse med boken. Dette har jeg selvfølgelig ingenting å innvende mot når myndighetene finner boken å være av en slik enestående betydning at et så ekstraordinært skritt er på sin plass.⁸

For Langeland må det verke som ei ære å bli utsatt for dette, ikkje eit nederlag: «For det er inga bok som regjeringa har funne så viktig at den har blitt gjenstand for behandling i statsråd hjå kongen.»⁹

⁸ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 12

⁹ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 12

For at I ikke skal dømmes

Nokre månader etter *Dømmer ikke* ga Langeland ut boka *Forat I ikke skal dømmes*, som vart selt i 7500 eksemplar. Den hadde mykje til felles med den forrige boka: kritikk av Arbeidarpartiet og forsvaret. Den inneheldt ikkje like mykje kritikk av enkeltpersonar som i *Dømmer ikke*. Dette var forklaringa på kvifor han valte å gi ut *Forat I ikke skal dømmes*: «Jeg sender likevel ut denne bok i håp om at jeg kan bidra til å vekke interesse for de spørsmål som er avgjørende for liv og død for vårt folk.»¹⁰ *Forat I ikke skal dømmes* var ei vidareføring av den første boka frå 1948. I boka frå 1949 viste Langeland til nye dokument og gjer greie for dei motiva som låg bak *Dømmer ikke*. Leiemotivet var framleis å styrke landet sin mentale og fysiske beredskap i tilfelle ein ny krig. Det var framleis eit viktig spørsmål å få fjerna den splittelsen i folket som oppgjeret hadde skapt. I staden for å gjere flest muleg nordmenn til landsforrædarar, burde ein heller bruke krefter på å gjere landet kampdyktig til krigen i morgon.¹¹ Han forsøkte å ta alvorleg til orde for at det norske folk skulle samle seg om si store livsinteresse: Forvaret.

Ein av dei personane Langeland kritiserte i boka var forsvarsministar i Gerhardsen-regjeringa, Jens Chr. Hauge. I siste del av *Forat I ikke skal dømmes* fokusera Langeland på forsvaret som etter krigen måtte byggast opp:

Men for vår hær er alt dette med Hauge en ulykke. En mann som ikke kan oppnå tillit og som ikke kan samarbeide annet enn med svake menn må straks forlate stillingen som forsvarsminister. Hvis krig skulle komme i den nærmeste fremtid har hr. Hauge lagt alle forhold til rette for nederlaget. Han vil få en verdig plass ved siden av hr. Monsen.¹²¹³

Langeland hevdar at det Hauge skriv om i *Nordisk Demokrati* vitnar om ein naivitet og ei overvurdering av seg sjølv som latterleggjer mannen (Hauge) for alltid. Dette er berre eit eksempel som viser det hatet Langeland følte mot Arbeidarpartiet. Eit hat som mest truleg hadde bygd seg opp frå 1930-talet.

¹⁰ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 7

¹¹ Hagen, (2014), *Oppgjørets time. Om landssviksoppgjørets skyggesider*, s 284

¹² Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 184

¹³ Fredrik Monsen, forsvarsministar 1936-39

I *Forat I ikke skal dømmes* skreiv Langeland at håpet hans med *Dømmer ikke* var å få reist ein lidenskapslaus diskusjon som kunne føre til oppretting av dei verste feila ved rettsoppgjeret.¹⁴ Det var ikkje denne boka som førte til rettssaka mot Langeland, og var på langt nær så omstridt som *Dømmer ikke*, den slo ned som ei bombe i 1948 og skapte eit voldsomt rabalder i landet.

Arbeidarpartiet

Langeland hevda sjølv at bøkene ikkje var prega av eit unyansert hat mot Arbeidarpartiet og regjeringa Nygaardsvold. Likevel fortalte dei om eit sterkt hat mot enkeltpersonar, uavhengig av parti og regjering. Men *Dømmer ikke* og *Forat I ikke skal dømmes* ber likevel preg av eit sterkt hat mot Arbeidarpartiet og Nygaardsvold-regjeringa¹⁵ som ifølgje Langeland hadde forsømt alt i løpet av åra dei sat i regjering, både forsvaret og befolkningsnedgangen i landet¹⁶. Det finst fleire eksempel på eit unyansert hat i bøkene. Langeland skreiv blant anna at det hadde vore ei ulykke at Arbeidarpartiet sine leiande menn gjennom så lang tid aktivt arbeidde for å øydelegge forsvaret. Og det er nok å peike på den verksemda som vart utøvd av forsvarsministarane Oscar Torp og Fredrik Monsen, AP-politikar Martin Tranmæl, og fleire som var ivrige riddarar av det brukkne gevær.¹⁷ Spesielt Arbeidarpartiet førte avgjort ein forsvarsfiendtleg politikk og arbeidde i realiteten for total øydelegging av forsvaret. Dette var trekk i utviklinga som ikkje kunne understrekast nok når ein skulle forsøke å påvise kven som hadde ansvaret for all den ulykke som hadde ramma oss i okkupasjonsåra.

Arbeidarpartiet sine folk heldt på full avrusting. Dei tok med opne auger det standpunkt at me ikkje skulle forsvare oss. Me skulle utan sverdslag late ei kva som helst voldsomakt okkupere landet og me skulle utan kamp utlevere oss sjølv til terror og død som valdsmakta måtte finne for godt. Dette standpunktet tok fleire av Arbeidarpartiet sine leiande menn.¹⁸ Dette var berre eit av fleire eksempel på det han skreiv om Arbeidarpartiet i *Dømmer ikke*:

¹⁴ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 9

¹⁵ Sat frå 1935 til 1945

¹⁶ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 143

¹⁷ Langeland, (1948), *Dømmer ikke*. Oslo: Familieforlaget, s 20

¹⁸ Langeland, (1948), *Dømmer ikke*, s 21

Aldri har vel et folk gått mot krig med en regjering som representerte så megen udugelighet og som så totalt manglet enhver forståelse av hva krig er, som regjeringen Nygaardsvold. De ledende menn i Regjeringen var statsminister Nygaardsvold og utenriksminister Koht. Begge to var ubrukelige i så farlige tider.¹⁹

Ifølgje Langeland var det regjeringa Nygaardsvold sine misgjerningar som hadde ført krigen over den norske befolkninga, og det var regjeringa Nygaardsvold som hadde ansvaret for alle verdiane som hadde gått tapt. Det var heller inga regjering som hadde vist så liten handledyktighet som regjeringa Nygaardsvold. Det var også denne regjeringa som hadde agitert for barnebegrensing og fosterdrap. Det må også ha vore ein årsak til kvifor Langeland mislikte Arbeidarpartiet så intenst. Han skreiv at:

Vi burde søke å stelle oss slik at vi kunne få arbeidskraft og livskraft i fremtiden. De nåværende makthaverene (AP) fant dette unødvendig. De motarbeidet mine positive idéer av alle krefter den gang også²⁰

Det er i boka *Forat I ikke skal dømmes* at Langeland skriv, og fokuserar mest på Arbeidarpartiet og med mindre fokus på enkeltpersonar slik som i den forrige boka. I tillegg fokuserer Langeland ein heil del på oppbygging av forsvaret og styrkeforholda mellom det kommunistiske austeuroopa og vesteuroopa i kapitla om *Kampdyktighet i øst og vest de kommende år*²¹ og *Den mentale rustning*.²² For kommunismen representerte eit samfunnssystem der vald og terror herskar.²³ Dette var for Langeland eit nytt«fenomen» Etter å ha lest fleire kronikkar av Langeland var det ikkje før etter krigen at Langeland skreiv om kommunismen og kva den stod for.

Når ein les dette er det ingen tvil om at Langeland følte eit sterkt hat mot Arbeidarpartiet, både før, under og etter krigen. Det han skriv er ikkje vanleg kritikk. Han brukar ord som «udugelig og ubrukelig.» Ifølgje Langeland hadde Arbeidarpartiet også «verdensrekord i retning

¹⁹ Langeland, (1948), *Dømmer ikke*, s 26

²⁰ Langeland, (1948), *Forat I ikke skal dømmes*, s 14

²¹ Langeland, (1948), *Forat I ikke skal dømmes*, s 125

²² Langeland, (1948), *Forat I ikke skal dømmes*, s 135

²³ Langeland, (1948), *Forat I ikke skal dømmes*, s 151

av udugelighet.»²⁴ Og setningen «De motarbeidet mine positive idéer» viser kor frustrert og irritert Langeland var på Arbeidarpartiet. Dette hatet var ikkje noko som kort tid etter krigen. Dei positive ideane til Langeland galdt befolkningspolitikken. Dette var noko han hadde jobba med sidan 30-talet. Det var også på den tida at raseideologien til Langeland utvikla seg.

²⁴ Langeland, (1948), *Forat I ikke skal dømmes*, s 17

Kapittel 3

Oliver H. Langeland – ein biografi

Oliver H. Langeland var fødd på Eid i Nordfjordeid den 30. januar 1887. Han var son til gardsbrukar Hans Langeland og Kari Antonsdatter, og var nest yngst av 8 søsken. Han er sist registrert i Eid då han vart konfirmert 29. september 1901.²⁵ Rundt 1905 flytta Langeland til Oslo. Her vart han først registrert som «gymnasiast» og to år seinare var han i folketeljinga registrert som «kadet». Han tok eksamen frå Underoffiserskulen i 1908, vart student i 1910 og tok eksamen ved krigsskulen i 1912. I 1912 vart han utnemnd til premierløytnant, og vart då fastlønna offiser. Han tok i tillegg statsøkonomisk eksamen i 1913,²⁶ ved Det Kongelige Frederiks Universitet, med resultatet «meget godt.»²⁷ Langeland var medlem av Statsøkonomisk Foreining og skreiv fleire artiklar i *Statsøkonomisk Tidsskrift*.

Langeland vart i 1915 utnemnt til kaptein i infanteriet og sjef for 11. kompani av Søndre Hålogaland regiment. I 1929 vart han vernepliktig major i forsvaret.

I 1915 gifta han seg med Susanne Andrea Augusta Harwig.²⁸ (Fødd 22. september 1890 på Hamar). Dei fekk borna Hans, Kaare, Aase, Per, Kari og Finn August. Susanne tok artium som privatist, og etter det gjekk ho på lærarskulen, før dei flytta til Saltdal. Mellom 1915-1918 dreiv Langeland og kona ein privat middelskule i Saltdal. I tillegg tenestegjorde han som kompanisjef i 6. divisjon, seinare 4. divisjon.²⁹ I 1918 flytta dei tilbake til Oslo (Aker).

I 1919 vart han tilsett som inspektør-statistikar i Oslo likningsvesen. Og i 1929 vart han sekretær ved Oslo kommunale statistiske kontor og folkeregister. I *Studentene fra 1910* skriv Langeland: «Da man i Norge i anledning den evige freds intreden reduserte hæren så sterkt, søkte jeg avskjed fra officerstillingen i 1929.» Han var sekretær fram til 1937. Då vart knytt til Oslo likningsvesen som sekretær. I 1941 fekk han jobb som kontorsjef i likningsvesenet og frå 1945-1948 vart han avdelingssjef.

Ifølgje kommuneteljinga i Oslo budde Langeland og familien i Eventyrveien 25 på Blindern frå 1929 til 1939. I 1940 reiste familien til Bagn i Valdres.³⁰ Dei returnerte til Oslo, mest truleg i 1946.

²⁵ <http://digitalarkivet.arkivverket.no/kb/kf/person/pk00000000202527>, Lest 05.10.13

²⁶ Nationen 10. 02 1958, s 10

²⁷ Aftenposten 17.12 1913, s 7

²⁸ Harald Gram og Bjørn Steenstrup, *Hvem er hvem 1950*. Oslo: Aschehoug, s 356

²⁹ *Studentene fra 1910*, s 207

³⁰ Intervju med Kari Langeland i VG 05.02.2011, s 54

Langeland: Distriktssjef i Milorg-D13

Det Langeland i dag er mest kjent for, er innsatsen i Milorg. Perioden 1942 til 1944 var han distriktssjef i Milorg D-13. Sentral-Ledelsen (SL) i Milorg delte i 1942 landet inn i fleire distrikt og i alt var det 23 slike distrikt. D-13 strekte seg utover Oslo sine dåverande grenser og omfatta det gamle Aker herad, samt Asker, Bærum og deler av Lørenskog i Akershus fylke – Stor-Oslo. Her var det spesialgrupperingar som tok seg av våpen og forsyningar, eit eige sabotasjeledd og ein godt utbygd stab på fleire nivå.³¹

Då Langeland fekk jobben som distriktssjef i 1942, tok avsnitta si endelege form, og avsnittssjefar vart tilsett. Milorg hadde blitt sterkt lamma grunna Gestapo sitt første alvorlege angrep vinteren 1941-1942. Dette førte til at organisasjonen vart meir elle mindre arbeidsudyktig hausten 1942. Etter 1942 hadde det vist seg vanskeleg å få tak i ein sjef for D-13. Planen var her som elles innan distrikta å opprette avsnitt som i sin tur skulle byggje opp eit antall område. I november 1942 lykkast det Milorg-leiar Jens Chr. Hauge å komme i kontakt med kaptein Oliver H. Langeland, kontorsjef i Oslo likningsvesen.

Fleire offiserar hadde blitt kontakta, men med negativt resultat.³² Det Milorg hadde lært etter opprullinga i 1941-1942 var å vise større dyktighet, og spesielt større varsemnd.³³ I løpet av våren og sommaren 1943 klarte Langeland i samarbeid med overrettssakfører Ole Borge frå SL å få i tak folk til dei viktigaste stabsfunksjonane ved distriktet. Under krigen brukte Langeland dekknamna «Hamre», «Nordtorp» og «Bestefar.»³⁴

Den 9. juli 1944 fekk Langeland ordre frå forsvarssjefen om å reise til Sverige og derfrå komme vidare til England. Langeland og familien kom seg over grensa til Sverige juli 1944. I eit brev signert av ein svensk Statspolitikonstabel hadde ikkje Langeland med legitimasjon og kom i båt, og hadde 1800 kr i norske setlar, så det verkar som om familien Langeland hadde hatt lita tid på seg til å komme over til Sverige i 1944.

I svenske dokument blir det registrert kvifor han måtte flykte: «Han hade befarat att bliva anhållan av Gestapo på grund av politisk och illegal verksamhet»³⁵ og er registrert som «politisk

³¹ Terje Diesen, *Milorg i Stor-Oslo*. Oslo: Orion, s 59

³² Diesen, *Milorg i Stor-Oslo*, s 59

³³ Langeland, *Forat i ikke skal dømmes*, s 119

³⁴ Diesen, *Milorg i Stor-Oslo*, s 70, 110

³⁵ Swedish National Archives: Statens Utlänningskommision, Kanslibyrån F1ABA-2254 “Langeland, Oliver 30/1 1887

flyktning.» Etter å ha blitt registrert fekk Langeland eit «Nödfallsvisering» av det Svenske Utanriksdepartementet:

För direkt resa till Vingåkers landsfiskalsdistrikt och uppehåll därstädes eller å ort, som Kungl. Socialstyrelsens representant vid Kjesäters förläggning äger bestämma. Därjämte meddelas tilstånd för utlännning att fredagen den 28/7 1944 med tåg som avgår från Strömstad klockan 16.40 färdas direkt til Göteborg. Vid ankomsten til Göteborg har utlännningen att ställa sig till efterrättelse de föreskrifter polismyndigheten därstädes kan komma att meddela rörande vistelsen i staden.³⁶

I perioden 7/8 1944 – 6/9 1944 oppheldt han seg i Stockholm før han reiste vidare til England. Kona og borna til Langeland fekk vidare opphald i Sverige sidan «nödfallsviseringa» gjekk ut 6. august, medan han skulle jobbe for Militärattacheens kontor. Dette vart signert av Kgl. Norsk Legasjon, Rettskontoret den 29. juli 1944. Etter dette er det ikkje registrert noko meir om Langeland og familien i Sverige, heller ikkje noko militært, bortsett frå at han vart tildelt ein masseprodusert diplom frå President Eisenhower i Amerika, som eit bevis på innsatsen hans under krigen.

Etter andre verdskrig skreiv ikkje Langeland kronikkar i Aftenposten om befolkninga, slik han hadde gjort på 1930-talet. Han skreiv heller ikkje bøker om arbeidet sitt i Milorg og den tyske okkupasjonen, til forskjell frå andre som hadde arbeidd for Milorg. Langeland teikna ikkje noko heltemodig bilete av den norske motstandskampen. I nokre artiklar i Aftenposten fortel han om korleis han vart Milorgsjef og kvifor han måtte rømme til Sverige i 1944. Etter krigen fokuserte han i all hovudsak på landssvikoppgjeret, Arbeidarpartiet og alle dei «uduglege politikarane under krigen.»³⁷ Dette førte, som tidlegare nemnt, til at han vart anmeldt av myndigheitene ved riksadvokaten for injuriar i 1948.

³⁶ Swedish National Archives: Statens Utlänningskommision, Kanslibyrån F1ABA-2254 “Langeland, Oliver 30/1 1887”

³⁷ Langeland, (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 17

Rettsaka mot Oliver H. Langeland

Ved kongeleg resolusjon 11. desember 1948 vart h.r. advokat Øystein Thommessen konstituert som ekstraordinær riksadvokat og h.r. advokat Rolf Ryssdal som ekstraordinær statsadvokat i rettsaka mot Oliver H. Langeland og Arne Bergsvik. Desse fekk så i oppdrag å leie etterforskinga mot Bergsvik for hans uferdige manuskript, eventuelt stensilerte skrift: *We are no criminals*, og mot Langeland sine bøker *Dømmer ikke, Forat i ikke skal dømmes* og skriftet *Nasjonal holdning i Justisdepartementet og tilgrensende regioner*.³⁸ Den 27. juli 1950 vart det tatt ut tiltale etter at Oliver H. Langeland ga ut bøkene *Dømmer Ikke* og *Forat I ikke skal dømmes*. Meldinga gjekk ut på: «For mot bedre vitende i ord eller handling å ha opptrådt på en måte som er egnet til å skade en annens gode navn og rykte[...] Eller utsett han for hat, ringeakt eller tap av den for hans stilling eller næring fornødne tillit. Grunnlaget er de beskyldninger Langeland har fremsatt.»³⁹ Den tidlegare majoren var ikkje tidligare straffedømt eller bøtelagt, til forskjell frå Arne Bergsvik som tidlegare hadde vore NS-ordførar og propagandaleiar i NS. Ved slutning av konstituert statsadvokat Rolv Ryssdal, etter ordre frå konstituert riksadvokat Ø. Thommessen, datert 27. juli, er han sett under tiltale ved lagmannsretten for Oslo lagsogn.⁴⁰ Lagmannen spurte om Langeland erkjente seg skyldig etter tiltalen. Langeland svarte «nei», og klokka 09.35 var retten satt og rettsaka mot Oliver H. Langeland var i gang.

Den 3.mai 1949 skreiv Dagbladet: «To store publikumssaker går i dag i Oslo tinghus; sportsjournalistene – Hofmo, og etterforskingen i saken Langeland – Bergsvik. Det er sjelden å se så mange menneske i Tinghuset. Korridorene var fulle av diskuterende grupper, og bare et fåtall kom inn i rettsalene.» Med andre ord, dette må ha vore ei av dei meir «populære» rettsakene etter at landssvikoppgjeret nærma seg slutten. Langeland uttalte sjølv at dersom saken kom opp for retten ville det bli ei av dei store sakene.

Noko som skilte denne rettsaka frå andre var blant anna at Arne Bergsvik var NS-medlem under krigen, medan Langeland hadde spelt ei sentral rolle i motstandskampen. Før rettsaka meinte Langeland at saken mot han burde utsetjast slik ar han kunne leggje opp forsvaret sitt på grunnlag av siktelsen mot han. Det verste med denne siktinga må ha vore det at han vart dømt saman med ein tidlegare NS-mann. Han aksepterte skuldingane, og hadde ikkje noko problem med å bli sikta, men ikkje det å bli dømt i same sak som Arne Bergsvik, som alt hadde sona ein

³⁸ Aftenposten, 8. mai, 2. desember 1950, s 1

³⁹ Innberetning til Det Kgl. Justis og Politidepartement fra konstituert riksadvokat Ø. Thommessen, s 80-81

⁴⁰ Straffesak nr. 82/1950. Den offentlige påtalemyndighet mot Oliver H. Langeland

landssvikdom på fire års tvangsarbeid. Til avisa Oslo Handels- og Sjøfartstidene sa Langeland at det verka som ein vondskap å kombinere hans bok med ei som var utgitt av ein notorisk landssvikar.⁴¹ Drammens Tidene skreiv at Bergviks skrift var eit forsvarsskrift, til forskjell frå Langeland si bok som ikkje kunne reknast som ei forsvarsskrift for sin haldning i krigsåra.⁴² Denne samanlikninga kunne verka forstemmande på publikum, hevda Langeland før rettssaka.

Riksadvokaten uttalte i september 1950 at tiltalte si framstilling av rettsoppgeret var villeiande og direkte uriktig, med ufullstendige sitat og misvisande kommentarar. Praktisk uoverkommeleg å reise tiltale for alle injuriane.⁴³ Ein får her inntrykk av at Langeland er førehandsdømt sjølv om han ikkje fekk dommen før i desember. Fleire var kritiske til dette og i november sendte 11 tidlegare Milorg-folk og medarbeidarar av Langeland under krigen eit ope brev til setteriksadvokat og høgsterettsadvokat Øystein Thommessen. Dei protesterte sterkt mot at Langeland si sak skulle køyrast saman med Bergvik si sak og kalla det ein sjikane mot Langeland. Brevet var signert av tidlegare styrar av Oslo Politiets Handelskontor O. Stockfleth Andersen, tidlegare redaktør i det nasjonalsosialistiske tidsskriftet *Ragnarok*, tidlegare NS-medlem og under krigen medlem av Milorg 13300 Otto Engelschiøn, Hugo Borgen var disponent i selskapet Witt & Borgen A/S, tidligare NS-medlem, god venn av jurist Johan B. Hjort og medlem av heimestyrkene i Bærum under krigen.⁴⁴ Eilert Eriksen var journalist i *Aktuell*, eit vekeblad med basis i arbeidarrørsla, men var ikkje eit partipolitisk organ og medlem av heimestyrkene i Oslo, Erling Staff, sikringssjef i Milorg-D13, Olaf Roig, Astri Lütcherath, gift med Fritz Lütcherath, tidlegare pers.sjef på Grini og direktør i Akers Sparebank, Aslaug Magler, Ivar Schjetlein, disponent medlem av Milorg under krigen, Gunnar Ruud var kaptein og sjef for Avsnitt 13100 som måtte flykte til Sverige i desember 1944 og Johan Heltung, medlem i Norges Industriforbund frå 1934-1941 og kaptein og avsnittsjef i Milorg frå 8. mai 1945.⁴⁵

Ein ser her at fleire av dei var ein del av motstandsørsla og dei fleste hadde også jobba for Milorg-D13 gjennom store deler av krigen, også då Langeland var distriktssjef.

⁴¹ Oslo Handels og sjøfartstidene, 05.11.1950, s 7

⁴² Drammens Tidene, 08.11. 1950, s 3

⁴³ Verdens Gang, 11.11.1950, s 4

⁴⁴ Aftenposten, 10.03.1965, s 12

⁴⁵ Nationen, 10.11.1950, s 4

Langeland må ha vore ein respektert mann sidan alle var i mot at han skulle bli dømt i same rettssak som NS-mannen Arne Bergsvik. Dei som skil seg ut av dei som signerte var Otto Engelschiøn og Hugo Borgen. Engelschiøn hadde vore medlem i NS i perioden 1933-1937. Etter at han melde seg ut i 1937 heldt han likevel fram i nazistiske opposisjonskrefter fram til hausten 1940. Same år valte han derimot å bli med i motstandskampen mot Nazi-Tyskland. Det same hadde Borgen.

130 vitne hadde blitt avhøyrte og saka kom til å ta minst to veker. Det ville bli stilt 96 spørsmål i saka mot Langeland og 58 i saken mot Bergsvik. Opplesinga av tiltaleslutninga tok tre kvarter og korkje Langeland eller Bergsvik erklærte seg skuldig. I 1952 vart spørsmåla til lagretten redusert frå 154 til 56.

Kvifor vart sakene mot Langeland og Bergsvik slegne saman? Statsadvokat Ryssdal sa at det vart gjort av praktiske og saklege omsyn. Og at dei ærekrenkande skuldingane i stor utstrekning var retta mot dei same personane, og bøkene dreier seg om ærekrenkingar i trykt skrift og skriv seg frå dei same kjeldene.⁴⁶ Andre hevda at det var slått saman fordi dei meinte at Langeland var i eit grenseland for landssvik sidan han hadde tillatt seg å kritisere rettsoppgjere. Ein skal ikkje sjå vekk frå at det kan vere begge forklaringane og ikkje berre sistnemnte, sidan rettssaka kom til å ta såpass lang tid og dei sikta hadde fleire felles vitne som blant andre biskop Berggrav.

Biskop Berggrav spelte ei viktig rolle ved opprettinga av Administrasjonsrådet i 1940 og var med i Riksrådsforhandlingane. På grunn av rolla i Administrasjonsrådet, eit par radiotalar han heldt og nokre turar til Nordmarka der han oppfordra dei norske styrkene til å leggje ned våpen, skapte hjå mange nordmenn eit inntrykk av ei uklar haldning til okkupasjonsmakta.⁴⁷ Dette gjorde at Berggrav var ein av dei som fekk sterkast kritikk av Langeland i *Dømmer ikke*.

Kva gjorde denne rettssaka så omstridt? Sjølv om rettssaka kom fem år etter krigen og ein skulle tru at dei fleste hadde sagt seg ferdige med alt av rettssaker og landssvikoppgjere, vart likevel saka mot Langeland og Bergsvik dekkja av dei fleste avisene i Noreg, noko som ikkje hadde skjedd på fleire år. At dette skulle bli ei så stor rettssak var det ingen som hadde drøymt om. Fleire kjente tenestemenn og politikarar som arbeidde i ulike departement under krigen vart kalla inn som vitne, alt frå ein biskop til ein sorenskrivar. Biskop Berggrav var det første vitnet i Langeland-Bergsvik-saken.

⁴⁶ Arbeiderbladet, 16.11.1950, s 9

⁴⁷ Norsk krigsleksikon 1940-1945. Oslo: Cappelen, s 38

Under rettssaka spurte lagmann Bonnevie, Langeland om det var ei utmerking å bli nemnt i boka. Langeland svarte: «tja, ein kan gjerne sei det.»⁴⁸ Det verkar her som om Langeland ikkje tek skuldingane altfor seriøst, eit mindretal ville sagt dette i ein rettssak når ein blir truga med arrestasjon, bøter og å risikere å få bøkene sine inndregne eller mortifisert.

Kva kan dette sei om Langeland når ein studerer rettssaka, spesielt i byrjinga? Måten han uttalar seg på viser at han ikkje er den typen som respekterer autoritetar og personar som var høgt oppe i samfunnet, spesielt dei tenestemennene som arbeidde i ulike departement under krigen Dette kjem også fram i *Dømmer ikke*. Dommar Fredrik Zimmer og rettskjemikar Charles M. Bruff var to av dei få Langeland sa unnskyld til etter å ha høyrte forklaringa deira under rettssaka.

Langeland uttalte også at han heller ville bli sikta enn å møte som vitne. Korleis reagerte Langeland på aksjonen mot han? Ifølgje tidlegare utsegn sa han berre at det var bra at «det blir rusket opp i de forhold jeg har omtalt.»⁴⁹ Dette skjedde ikkje, kanskje følte avisene at Langeland hadde fått straff nok?

Den 11. januar 1952 avsa Høgsterett dom i sak L. Nr. 1, S. Nr. 65/1951. Påtalemyndigheten (Aktor: kst. Statsadvokat Rolv Ryssdal) mot Oliver Hansen Langeland (Forsvarer h.r. adv. Rolf Arne Foss). Anken frå lagmannsretten vart forkasta. «Jeg finner således at Langelands anke over saksbehandlingen må forkastes, og det fremgår av det jeg har sagt at jeg også finner lagmannsrettens rettsanvendelse riktig. Forkastelsen av anken gjelder også inndragningsspørsmålet.»⁵⁰ Og påstanden om mortifikasjon vart opprettheldt sidan «sannheten ikke er ført.»

Langeland blei frikjent for fleire av påstandane han hadde komme med, men enkelte av påstandane i boka vart kjende ugyldige. Bøkene måtte difor inndragast.⁵¹ 23 av skyldingane som Langeland hadde framsett vart mortifisert medan sju vart ikkje. Rettssaka vart avslutta med at Langeland måtte betale saksomkostninga på 800 kr. Etter rettssaka finst det ikkje mykje informasjon om Langeland, korkje i dei største avisene eller på Riksarkivet, så det verkar som at Langeland trakk seg tilbake etter frifinninga i 1952.

⁴⁸ Aftenposten 18.11. 1950, s 7

⁴⁹ Aftenposten 11.12. 1948, s 1

⁵⁰ Hoveddokumentliste II For Arne Bergsvik og Oliver H. Langeland, Utskrift av Høyesterettsdom 11/1 1952

⁵¹ <http://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon/kjende-personar/oliver-h-langeland/1898/83340/>, Lest 04.11.2015

Kva seier dette om Langeland som person? I kronikkane han skreiv før og etter rettssaka framstår han som det ein kan kalle ein prinsippryttar og ein kverulant. Det beste eksempelet er det at han nekta å uttale seg i retten med mindre han vart sikta. Og setninga: «Jeg tror ikke vi skal ta opp det spørsmål» vart ofte brukt. Han ga seg aldri, og han la også opp til habilitetsspørsmål om setteriksadvokat Thommessen.

Den avisa som kom med sterkast kritikk av Langeland var Arbeiderbladet, og det var journalistane i denne avisa som hadde oppdaga eit føredrag frå 1940 Langeland hadde halde i radio. Arbeiderbladet omtalte det som «propaganda for det nye Tyskland.»⁵² I boka *Krig og sannhet. Langeland-saken og Landssvikoppgjøret* skriv Arvid Bryne:

Regjeringsorganet Arbeiderbladet skrev i et oppslag på sin førsteside at Langeland hadde vært medlem av NS, og at han hadde drevet tysk propaganda sommeren 1940. Påstandene ble raskt dementert, men det er likevel slik at selv det sterkeste dementi aldri makter å slette alle spor etter falske anklager.⁵³

At Arbeidarbladet hadde vore etter Langeland sidan 30-talet er sikkert. Kritikken deira mot Langeland var ikkje noko som kom plutselig rett før rettssaka. Dei hadde kommentert og kritisert dei fleste kronikkane han hadde skrive gjennom store deler av 30-talet, i tillegg ga dei boka *Det er liv eller død det gjelder* stryk i 1937. Den vart omtalt som «helt uvidenskapelig og er heller neppe god konservativ journalistikk.»⁵⁴ Det var denne boka som gjorde Langeland kjent. Aftenposten skreiv: «De synsmåter han forfektet vakte betydelig oppsikt, ikke bare her hjemme, men også i våre naboland.»⁵⁵

På 30-talet hadde også Arbeiderbladet komme med forslaget om at Langeland «kunne importere noen dusin taterer til hovedstaden for å dekke mankoen på folk [...] For taterpar med 20 barn er ikke noe sjeldenhet. Det må vel være noe for Langeland?»⁵⁶

Kva seier dette om haldningane til Langeland? Dette viser sjølvstakt at han hadde rasistiske haldningar før krigen, noko som hadde blitt lagt merke til, for elles ville ingen, heller ikkje Arbeiderbladet, komme med dette litt spesielle og ironiske forslaget om å «importere» taterar til Noreg og Oslo.

⁵² Arbeiderbladet 11.12.1948

⁵³ Arvid Bryne, (2012), *Krig og sannhet. Langeland og Landssvikoppgjøret*. Oslo: Akademika, s 25

⁵⁴ Arbeiderbladet, 02.06.1936, s 3

⁵⁵ Aftenposten, 10.02.1958, s 2

⁵⁶ Arbeiderbladet 28.01.1936, s 6

Påstandane dei kom med før rettssaka kan ein ikkje «dementere.» Langeland var nok ikkje medlem i NS, men han vart sterkt oppfordra til å bli det, sidan han var openbart tyskvenleg og propaganderte for «Det nye Tyskland». Angående NS, det var ikkje uvanleg å melde seg ut av organisasjonen Fedrelandslaget, som Langeland var ein del av før krigen, og deretter inn i NS. Dette var det fleire som gjorde. Og tysk propaganda? Som me skal sjå seinare, heldt Langeland føredrag i radio då NRK var underlagt Abteilung Rundfunk , 100% nazifisert og hadde ein mentalt ubalansert kringkastingsmann og kommande programdirektør Eyvind Mehle, som sprang omkring i korridorane på Marienlyst og trua medarbeidarane vekselvis med pistol og sine gode forbindelsar i Tyskland.⁵⁷

⁵⁷ Hans Fredrik Dahl, (1978), *Dette er London. NRK i krig 1940-1945*. Oslo: Universitetsforlaget, s 295

Kapittel 4

Livsvilje og det store skjebnespørsmål

Langeland viser i mellomkrigstida med si bok og sine føredrag ei bekymring for framtida til den vesteuropeiske rase/kvite rase.

Det var ikkje vanskeleg å finne støtte for slik rasetenking og rasetilhøyrse i det norske samfunnet tidleg på 1900-talet. På 1800-talet var rasemessige førestillingar utbreidd og del av den nasjonalromantiske historieskrivinga sitt vokabular, der den norske «stamme» vart tillagt heilt bestemte (høgverdige) rasemessige kvalitetar.⁵⁸ Hans Fredrik Dahl konkluderar med at «Det skulle godt gjøres å vokse opp i Norge i 1880- eller 1890-årene uten å bli dypt merket av dette.» Denne raseretorikken forsvann i løpet av nokre år, men den fekk ein ny impuls med den nye arvebiologien. Rasehygiene sto no fram som ein anvendt humanbiologi og talsmenn for den internasjonale eugeniske bevegelsen måtte åtvare mot ei stadig degenerering av arveeigenskapane. Betre levekår og helsestell gjorde det mogeleg for genetiske minusvariantar å formeire seg og dermed redusere kvaliteten på arvestoffet. I tillegg kom raseblandinga, som for enkelte vart betrakta som den største faren folket sto ovanfor.

Langeland talte og skreiv ofte om den norske befolkninga og den akutte krise i befolkningsutviklingsutviklinga.⁵⁹ På 1930-talet brukte han ofte nemningane den «vesteuropeiske rase», «den nordiske rase» og «den kvite rase.» Dømer på dette er frå eit føredrag han heldt i 1938: «Han (Langeland) sluttet med å trekke en sammenligning i fødselstallene innen andre raser, og uttalte en alvorlig frykt for at hvis det her ikke kom til et omslag så vilde det være fare på ferde for hele den hvite rase.»⁶⁰ Og, i Aftenposten er det skrive: «Et eiendommelig faktum er det at fødselstallet i oversjøiske land (Australia og Nord-Amerika) med Vest-Europeiske befolkning har vist den samme nedgangstendensen som i Europa.»⁶¹

Eit anna eksempel er henta frå *Det er liv eller død det gjelder*, kor det i eit avsnitt står: «Skandinavisk samarbeid til utryddelsen av den nordiske rase.»⁶² Her tok Langeland føre seg problemet med abort, eller det «å avskaffe fosterdrapene i Sverige og Danmark.» Sjølv om det er tre ulike nemningar betyr dei meir eller mindre det same. Den andre gruppa var «det farvede

⁵⁸ Terje Emberland og Matthew Kott, (2012), *Himmels Norge. Nordmenn i det storgermanske prosjekt*. Oslo: Aschehoug, s 147

⁵⁹ Aftenposten, 21.05.1935, s 5

⁶⁰ Aftenposten, 01.02.1938, s 5

⁶¹ Aftenposten, 01.02.1938, s 5

⁶² Oliver H. Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*. Oslo: Cappelen, s 103

folkeslag, som der bare foreligger ufullstendige opplysninger om», ifølgje Langeland.⁶³ Fokuset til Langeland låg alltid på den vesteuropeiske rase. Det var berre denne rasen som måtte reddast, her stod det alltid om «liv eller død», mantraet til Langeland.

Den nordiske rase var ei raseinndeling av menneske der kvite menneske «den kvite rase» vart forsøksvis kategorisert og inndelt av antropologar på byrjinga av 1900-talet. Desse hevda at den såkalla nordiske rase, då særleg germanske folk, besto av nordiske overmenneske på grunn av ein medfødt eigenskap for leiarskap og underforstått ein tilsvarande nedvurdering av menneske frå andre rasar.⁶⁴ Desse tankane hadde ein viktig innflytelse på nazistisk ideologi, og nazismen omtalte den nordiske rasen som «arisk.» Idealiseringa av det nordiske mennesket er knytt til både framveksten av romantisk folkeleg nasjonalisme med borgarleg liberal karakter og til völkisch-rørsla. Denne rørsla er eit samlebegreip på ei rekkje ulike religiøse og politiske grupperingar. Rørsla omfatta tysk-nasjonalistiske og antisemittiske foreiningar, parti og enkeltpersonar. Det var innanfor völkisch-rørsla at dyrkinga av det nordiske fekk ein eksplisitt rasistisk karakter. Her vart den nordiske rasen ikkje berre tildelt attributt som reinskap og naturlegheit, men også mangel på tilpassingsevne til det moderne, urbaniserte industrisamfunn.

I denne samanhengen brukte ein gjerne jødane som eit spegelbilde ved å kontrastere den nordiske rase sin sårbare reinskap med jødane sin påstått parasittiske tilpassingsevne til det moderne samfunn.⁶⁵ Dei ideologiske hovudkomponentane i den nordiske rase var trua på ein eksistens av ein rein nordisk ur-rase, og trua på denne rasen sin eksepsjonelle verdi og eineståande kulturskapande kraft. Trua på at rasen var utrydningstruga og at rasen sin undergang ville innebere sivilisasjonen sin undergang. Dessutan trua på at denne utviklinga kunne hindrast ved ein kombinasjon av opplysningsarbeid og eugeniske og sosialpolitiske tiltak.

Langeland skreiv om kva konsekvensane kunne bli dersom befolkningsnedgangen held fram hjå den kvite rase medan den auka blant det farga folkeslag: «Hvis utviklingen skulle ta denne retning, vil det ikke vare lenge før det blir vanskelig for vår rase å beholde herredømme i land som nå er bebodd av hvite.»⁶⁶ Dette kom til å skje når «det farvede folkeslag efter hvert vil lære

⁶³ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 163

⁶⁴ James A. Gregor, (1983), *Nordicism Revisted*. Phylon, s 352–360

⁶⁵ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 57

⁶⁶ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 164

litt hygiene.»⁶⁷ Dette ville til slutt føre til den kvite rase sin undergang hevda Langeland fleire gonger på 1930-talet.

Ei anna årsak til befolkningsnedgangen blant den kvite rasen var ikkje berre at folket hadde mista livsviljen, men dersom kvinnerekutteringa til kontor og liknande arbeidsplassar heldt fram, måtte ein regne med at rasen i lengda ikkje kunne leve.⁶⁸ Kvinnene hadde eit spesielt stort ansvar for å unngå at den vesteuropeiske rasen forsvann. Dette var ikkje det første han skreiv om kvinner, han skreiv også at det mest ideelle var at når kvinnene hadde fått minst tre barn skulle dei slutte i arbeid og deretter i større utstrekning forbli i heimen, overta barnestellet og husholdninga.⁶⁹ Alt dette var ein del av Langeland sitt skjebnespørsmål, noko han skreiv om gjennom heile karriera.

For Langeland var religion viktig for å oppretthalde den kvite rase og det norske folk. Hadde den norske befolkninga stor nok livsvilje? Livskraft og livsvilje kom til å spele ei avgjerande rolle dei komande åra. Ifølgje Langeland mangla den norske befolkninga den viktige livsviljen. Han skreiv seinare at dersom ein ikkje fann ei løysing og heller ikkje fann tilbake til ein naturleg vilje til å leve vil vi i løpet av historisk kort tid forsvinne som folk.⁷⁰ Det vil vere folket sin moral som skulle avgjere om me skulle leve eller døy. Ein måtte forsøke å igjen bygge folket si evne til å leve og det kunne ein gjere gjennom religion. Langeland skreiv at dei folka som har hatt ein fast tilknytning til sin religion har hatt ei merkverdig evne til å leve, medan dei som ikkje hadde ein fast gud kom til å gå under. Dette hadde skjedd med dei tyske jødane, dei hadde vore lite truande dei siste generasjonane og hadde dermed blitt ein utdøyande rase.⁷¹

Dette var første og siste gang Langeland omtalte jødane som ein utdøyande rase. Det ser ikkje ut som Langeland hadde ekstreme antisemittiske haldningar, sjølv om han omtalte jødane som utdøyande. Han skriv ikkje noko om at han er bekymra for jødane, sjølv om dei var på eit utdøyande stadium. Langeland brukte dei som eit trist eksempel for å vise folk kva som kunne skje dersom ein ikkje var truande. Han var alltid mest bekymra for den vesteuropeiske rasen. Dette var også ein stor del av hans skjebnespørsmål.

⁶⁷ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 164

⁶⁸ Aftenposten, 20.07.1935, s 7

⁶⁹ Aftenposten, 08.11.1937, s 5

⁷⁰ Oliver H. Langeland, *Befolkningspolitikk i Tyskland*, i *Foredrag om det nye Tyskland* (1940). Oslo: G. Stenersen, s 17

⁷¹ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 180

Kva meinte Langeland med skjebnespørsmålet som kom til å bli så viktig framover? I føredragsserien om det nye Tyskland hevda han at befolkningsspørsmålet «er i dag det eine store spørsmål for alle folk innan den vesteuropeiske kulturkrets. For det tyske folk var barnerikdom det store skjebnespørsmålet.»⁷² I løpet av dei siste femti åra hadde det blitt tydeleg at ei rekkje av desse folka har tapt evna til å leve, og befolkningsspørsmålet var spørsmålet om desse folka i løpet av historisk sett kort tid skal forsvinne, døy ut, eller om dei skal vise seg i stand til å vinne att evna til å leve. Auka ufruktbarhet er utan samanlikning den største fare som nokosinne har truga det vesteuropeiske folk.⁷³

Dette var noko Langeland trudde på gjennom heile livet, sidan han også skreiv om det i *Forat I ikke skal dømmes* som kom ut i 1949. Der står det: «Viss Vesten ikke er i stand til å skape en annen befolkningsutvikling enn den som fruktbarhetstallene i 1930-årene pekte på, så er Vest-Europa ferdig i løpet av noen generasjoner.»⁷⁴

Langeland og Jon Alfred Mjøen

Kor var det Langeland fekk desse tankane om undergangen til den kvite rasen frå? Den viktigaste inspirasjonskjelda til Langeland var nordmannen Jon Alfred Mjøen. Jon Alfred Mjøen var ein av dei mest profilerte rasehygienikarane i mellomkrigstida, og målet hans var å halde ulike mennesketypar frå kvarandre og unngå degenererande raseblandingar. Han ynskte å skilje mellom retten til å leve og retten til å gi liv.⁷⁵ Med andre ord, at menneske med uønskte genetiske disposisjonar ikkje burde få lov til å formeire seg.⁷⁶

Det nordiske menneske var for Mjøen det biologiske ideal som gjekk ei usikker tid i møte. Mjøen ynskte å framstille synspunkta sine som objektive, vitskaplege kjensgjerningar, men det er openbart at dei var noko meir. Innhaldet avgrensa seg ikkje til det faglege, men var prega av klare positive haldingar, blant anna ein konsekvent pro-tysk pangermanisme.⁷⁷

I Mjøen si bok *Rasehygiene*⁷⁸ frå 1938 nemner han Langeland. Dette viser at Mjøen hadde fått med seg bekymringane til Langeland om befolkningsnedgangen blant den kvite rase. Denne boka kom ut 1 år etter boka *Det er liv eller død det gjelder*. Mjøen si bok var ei av dei mest

⁷² Langeland, *Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 19

⁷³ Langeland, *Befolkningspolitikk i Tyskland* (1940), s 17

⁷⁴ Langeland, (1949), *Forat i ikke skal dømmes*, s 127

⁷⁵ https://nbl.snl.no/Jon_Alfred_Mj%C3%B8en, Lest 27.10.2015

⁷⁶ “Åndssvake”, prostituerte og forbrytarar

⁷⁷ Terje Emberland (2003), *Religion og rase*. Oslo: Humanist, s 147-148

⁷⁸ 1. opplag kom i 1914

omstridde rasehygieniske boka i mellomkrigstida. Riktig nok kan ein hevde at Langeland si haldning til den kvite rase var noko som var akseptert på den tida, men når raseforskar Jon Alfred Mjøen brukar han som eksempel i boka *Rasehygiene* blir det annleis og meir radikalt. Dette skriv Mjøen om Langeland sine resultat og kva det ville føre til:

For Norges vedkommende uttaler Langeland at situasjonen ifølge tallene for 1936 er den at fruktbarheten er så liten at folketallet på hundre år vil gå ned til det halve hvis ikke en stigning inntreffer. Når man betenker hvilke befolkningslag det som først og fremst innskrenker sitt barnetall (den hvite rase), forstår man hvilke farer den kvantitative fødselsnedgangen får. Den betyr ikke alene en tallmessig forringelse, men i arvemessig henseende en kvalitativ forringelse.⁷⁹

Det som også er spesielt med dette er at Mjøen berre skriv etternavnet til Oliver H. Langeland. Så ein må gå ut i frå at dei som las *Rasehygiene* visste kven Langeland var. I det nasjonalsosialistiske tidsskriftet *Ragnarok* vart Langeland også omtalt som «vår første mann i fronten mot folkedøden.»⁸⁰

Ein inspirator for Langeland kan ha vore den tyske raseforskarer Hans F.K. Günther. Günther ga frå 1920- talet ut fleire raseideologiske skrift og viste ofte til undersøkingar utført av andre raseforskarar, som Jon Alfred Mjøen. Ifølgje Günther var det ikkje berre gjennom eugeniske tiltak, men i kanskje større grad, gjennom eit systematisk kulturelt arbeid for å spreie «den nordiske tanke» og dermed vekke opp rasekjensla, eller «livsinnstillinga og livsviljen» som Langeland ville sagt.

Både Mjøen og Günther hørte til den Nordiske rørsle der Günther var den fremste talsmannen og frontfiguren. Dette førte til at han på 1930-talet fekk status som nazismen sin raseteoretikar. I deler av denne rørsle herska det på 30-talet apokalyptisk resignasjon, der ein ikkje fortapte seg i draumar om å etablere elitære nordiske rasereservat fjernt frå den korrumperande storbyen etter mønster av tidlegare völkische rasekollektiv.⁸¹

⁷⁹ Jon Alfred Mjøen, *Rasehygiene*. Oslo: Jacob Dybwads Forlag, s 140

⁸⁰ Ragnarok, 3. mai 1937, 3. årgang, hefte 3

⁸¹ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 66-67

Kapittel 5

Langeland og Fedrelandslaget

Langeland kan knytast til Fedrelandslaget før krigen. Han vart blant anna intervjuet av avisa til Fedrelandslaget, ABC i 1937 med overskrifta «Kamplysten jubilant vil skape intellektuelt raseri om en uke eller to», kort tid før boka *Det er liv eller død det gjelder* kom ut.⁸² Den 4. mars 1936 heldt han eit foredrag saman med sekretær i Fedrelandslaget Anders Lange i Logen i Oslo.⁸³ Føredraget vart kalla «Skal døden seire over livet?» Langeland talte om «barnebegrensning – befolkningsproblem», medan Lange heldt føredraget «mot kulturbarbari – mot fosterfordrivelse.» Dei vende seg til «alle som på tross av våre golde profeter regner barn som den største velsignelse – og til alle som tåler å høre sannheten.»⁸⁴

I dette kapittelet har eg har valt å fokusere på Fedrelandslaget frå 1930-talet og fram til 1940. Det var på denne tida at Langeland dukkar opp i samanheng med Fedrelandslaget. Om Langeland vart medlem på 20-talet kan ein ikkje sjå vekk frå, sidan Fedrelandslaget sitt arkiv i Oslo med medlemslister og anna informasjon vart brent kort tid etter 9. april 1940.

Fedrelandslaget sto fram som konservativt nasjonalistisk, svært negativ til Arbeidarpartiet, som dei hevda hadde planar om ein komande revolusjon. Dei var òg svært kritiske til nedskjeringane i forsvaret. I tillegg hadde Fedrelandslaget eit nært samarbeid med Den Konservative Studentforening, som Langeland hadde haldt føredrag for om temaet «Befolkningsproblemet: Befolkningsbevegelsen i Norge i kommende år.»⁸⁵ Dette var berre eit av fleire liknande føredrag Langeland heldt på 30-talet. Desse føredraga og fleire kronikkar vart samla i boka *Det er liv eller død det gjelder* som han ga ut i 1937.

Då Langeland vart intervjuet i 1937 var det journalist Sverre Mitsem som var redaktør i ABC. Om det var han som har sytt for at Langeland vart intervjuet og dermed fekk «reklamere» for boka *Det er liv eller død det gjelder*, kan vere ein moglegheit sidan boka blei svært populær i det nasjonalsosialistiske-miljøet i Noreg. Sverre Mitsem fekk i 1940 jobb i NRK og Abteilung Rundfunk.⁸⁶

⁸² ABC, 30.01.1937, s 2-3

⁸³ Sekretær i Fedrelandslaget frå 1930-1938

⁸⁴ Aftenposten, 04.03.1936, s 11

⁸⁵ Aftenposten 02.02.1938, s 7

⁸⁶ Sto for dei tyske radiosendingane gjennom kringkastinga i Oslo

Fedrelandslaget vart av mange omtalt som ein organisasjon sett saman av konservative nasjonalistar. Og eg vil påstå at Langeland var ein nasjonal-konservativ person som passa godt inn som medlem i Fedrelandslaget. Det finst ingen konkrete kjelder på dette, men sidan han heldt fleire føredrag for Fedrelandslaget og fekk eit stort portrettintervju i Fedrelandslaget si avis ABC i 1937, verkar det sannsynleg at han var medlem.

Nasjonal-konservatisme talar for ein sjølvstendig nasjonalstat og i større grad legg vekt på nasjonale spørsmål og er meir oppteken av tradisjonelle sosiale og etiske syn.⁸⁷ Professor Sieglinde Katharina Rosenberg har skrive at nasjonalkonservatismen hyllar familien som ein heim og sentrum for identitet, solidaritet og kjensler. Her treng ein berre å lese eit avsnitt av intervjuet i ABC for å slå fast at dette i stor grad gjeld Langeland: «Jeg har alltid levd et lykkelig familieliv med mye arbeid. Hadde jeg ikke det, vilde jeg vel også gått over i oppløsning og forakt for livet».»⁸⁸

Fedrelandslaget var stifta i 1925, med det formål å samle alle borgarlege og nasjonalsinna menneske i Noreg mot trusselen frå sosialismen.⁸⁹ Blant stiftarane var Fridtjof Nansen og tidlegare statsministar Christian Michelsen. Den var mellomkrigstida si store borgarlege samling mot det den gang, revolusjonære Arbeidarparti, som fleire frykta ville skape ein marxistisk revolusjon i landet.

Det var ikkje før i 1930 at Fedrelandslaget hadde sin viktigaste og mest suksessfulle periode. Under valkampen dreiv dei ein politisk og oppglødd kamp for å redde fedrelandet frå «revolusjon» og «katastrofe.» Valet vart ein seier for dei borgarlege og Arbeidarpartiet gjekk tilbake. Fedrelandslaget rekna valsigeren i 1930 som sin eigen siger, for med dette hadde Fedrelandslaget nådd sitt første mål, nemleg å stanse Arbeidarpartiet sin frammarsj, og å hindre at dei danna ei regjering. Fedrelandslaget fann særleg sympati i Bondepartiet og Frisinnede Folkeparti og organisasjonen sine bygdelag besto ofte av Bondepartiet sine tilhengarar. Høgre si stilling var noko skiftande, ofte skeptisk medan Venstre stilte seg stort sett avvisande til Fedrelandslaget. Arbeidarrørsla hevda at organisasjonen var spira til ei fascistisk rørsla som dei måtte nedkjempe. Fedrelandslaget dreiv også ei intens propagandaverksemd mot Arbeidarpartiet.⁹⁰

⁸⁷ Mandal, *Dictionary of Public Administration*, s 306

⁸⁸ ABC, 30.01 1937, s 2-3

⁸⁹ Norsk krigsleksikon 1940-1945, s 92

⁹⁰ <https://snl.no/Fedrelandslaget>, Lest 28.09.2015

Medan dei politiske partia heldt landsmøte før vala, skulle Fedrelandslaget ha landsmøte etterpå for å vurdere utfallet. Laget sitt landsmøte vart danna av fylkeslaga sine formenn og eit styremedlem frå kvart lag. Ifølgje forfattar Andreas Norland var Fedrelandslaget organisert for si oppgåve og vart fast, men ikkje autoritært styrt og laget hadde heller ingen «førar», bortsett frå samlinga om Fridtjof Nansen som døydde i 1930.

Eit medlem i Fedrelandslaget var Vidkun Quisling. Han vart valt til styremedlem i Oslo Fedrelandslag, men fleire tillitsverv fikk han aldri. Han fekk heller ikkje nokon framtrekande rolle i organisasjonen si utvikling og arbeide. Quisling skisserte politiske retningslinjer som kunne danne grunnlaget for at Fedrelandslaget kunne bli eit politisk parti, men det skjedde ikkje, og vart av fleire medlem i laget kalla for «urealistisk drømmeri.»⁹¹ Indirekte kom Quisling til å få avgjerande påverknad på Fedrelandslaget si utvikling, då han våren 1933 danna Nasjonal Samling. For mange, spesielt dei unge, sto NS som det partiet Fedrelandslaget si leiding konsekvent hadde nekta å gjere laget til, derfor meldte fleire seg ut av Fedrelandslaget kort tid etter at NS vart stifta.

Norland hevdar at Fedrelandslaget med jamne mellomrom vart stempla som fascistisk. Dei hadde tilbakevist påstandane, men innrømma samtidig at dei var inspirert av impulsar frå kontinentet. På 30-talet skreiv leiaren for Fedrelandslaget, Joachim Lehmkuhl at «Vi (Fedrelandslaget) beundrar dei store nasjonale framstøyt, Mussolini, då han skapte ein sterk stat av eit falleferdig samfunn. Hitler, når han no utryddar marxismen frå dess sterkaste tilhaldsstad.»⁹²

Etter valsigeren i 1930, kom nederlaga i 1933. Fedrelandslaget måtte drive valkamp mot to frontar: Arbeidarpartiet og NS. Med NS hadde Quisling klart å fjerne ein del av Fedrelandslaget sin politiske plattform. Då Quisling danna NS fekk aktivistar og utålmodige innan Fedrelandslaget ein ny organisasjon å kjempe i. Tilslutninga til Quisling frå medlem av Fedrelandslaget varierte, og størst appell hadde han til dei yngre, men også eldre medlem vart med.

Ein av dei som melde seg ut av Fedrelandslaget på denne tida var skipsmeglar og journalist, Hans S. Jacobsen. Han var også redaktør i det nasjonalsosialistiske tidsskriftet *Ragnarok*, som kort tid etter ga Langeland svært positiv omtale. Siste gang Jacobsen kom til Fedrelandslaget var

⁹¹ Andreas Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*. Oslo: Dreyers, s 158

⁹² Norland, (1973). *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 218

på landsmøtet i november 1933. Under ein programdebatt presenterte han saman med blant anna hjelpepedommar Odin Augdahl⁹³ «Et norsk program» under mottoet:

«Historien viser at et folk uten nasjonalfølelse er dømt til undergang.»⁹⁴

Programmet vart avvist og Jacobsen si tid i Fedrelandslaget var over. Sjølv om programmet har blitt sett på som rasistisk, germansk og nazistisk⁹⁵, høyrer «Et folk uten nasjonalfølelse er dømt til undergang» ut som ein kronikk eller eit føredrag Langeland kunne heldt på 30-talet. To eksempel er «Går den hvide race undergangen i møte?»⁹⁶ og «Dør vi ut? »

Valkampen i 1935 vart den siste for Fedrelandslaget. Ei av årsakene til Fedrelandslaget sin nedgang var at Arbeidarpartiet i valkampen argumenterte med at Fedrelandslaget og NS var mykje det same. Etter valet endra Fedrelandslaget karakter, og i ein uttale i 1936 minna Lehmkuhl om organisasjonen si eigentlege oppgåve, og det var å hindre at Arbeidarpartiet lukkast med å samle fleirtalet av veljarane i landet. Fedrelandslaget sitt mål var ikkje å bli eit politisk parti som kunne erobre makta i Noreg. Laget skulle tveritmot samle andre parti til ein front mot Arbeidarpartiet og kommunistane.

Då Fedrelandslaget opptredde som parti ved valet i 1936 var det som eit halvhjerta resultat av ei rekkje omstende.⁹⁷ Den politiske utviklinga frå 1925-1940 viste at det var urealistisk å håpe på at det skulle gå an å samle dei borgarlege partia til eit samarbeidande fellesskap som kunne gi grunnlag for eit regjeringsalternativ og stabilt styre i det kriseramma Noreg. Kampen for eit sterkare norsk forsvar dominerte i Fedrelandslaget sin politiske kamp den siste tida før andre verdenskrig. Den siste av mange resolusjonar om dette vart vedteke i laget sitt landsstyre 17. oktober 1939:

Fedrelandslagets landsstyre føler seg forpliktet til å be den norske regjering være forvissset om, at den i alle sine forsvarsforberedelser, med alle de ofre disse vil kreve av vårt folk, kan regne med den fulle tilslutning frå vårt lag. Samtidig venter vi at våre statsmakter uten opphold setter vårt land i en tilstrekkelig grad av forsvarsberedskap, som vil gjøre det norske for istand til å

⁹³ Nasjonalsosialist og NS-medlem

⁹⁴ Emberland, (2003), *Religion og rase*, s 247

⁹⁵ Emberland, (2003), *Religion og rase*, s 247

⁹⁶ Aftenposten, 01.02.1938, s 5

⁹⁷ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 289

møte sjølv den alvorligste situasjon og som gir uttrykk for Norges vilje til å ofre alt for sin frihet.⁹⁸

I ettertid veit me at dette ikkje skjedde, til Langeland sin store frustrasjon, noko han også uttrykte i *Dømmer ikke*. Høgre distanserte seg også frå denne resolusjonen og politikaren Ivar Lykke uttalte at «disse resolusjoner fraskriver vårt parti seg enhver befatning med.»⁹⁹ Dermed vart det ikkje sett av meir pengar til forsvaret.

Fedrelandslaget vart oppløyst av Reichskommissar Josef Terboven den 25. september 1940. I Bergen og Kristiansand vart Fedrelandslaget sitt arkiv og utstyr beslaglagt, medan alt vart brent i Oslo. Fleire av medlemmane melde seg inn i NS, særleg dei yngre, men størsteparten av medlemmane var sterkt i mot Quisling. Nokre vart også ein del av heimefronten, som formann i Oslo Fedrelandslag Harald U. Sverdrup-Thygeson.

Langeland vart intervjuet i ABC. Dette var Fedrelandslaget si vekesavis og hovudorgan frå 21. september 1932 med Ranik Halle som første redaktør frå 1932-1936, Sverre Mitsem i perioden 1936-1939 og Terje Baalsrud frå 1939 til avisa vart lagt ned i 1940. Ranik Halle var journalist og tidlegare formann i Den Konservative Studenterforening, 1924-27.¹⁰⁰ Sverre Mitsem var redaktør i ABC fram til 1939, og i 1940 fekk han jobb i den tyske nyheitstenesta i Abteilung Rundfunk saman med blant andre nasjonalsosialist og frontkjempar Per Imerslund og NNSAP-medlem Fritz Ihlen.¹⁰¹ Terje Baalsrud var den siste redaktøren i ABC og sørge for at avisa vart lagt ned før NS gjorde ho om til ei avis for Quisling sitt parti.

Avisa var ein «ukentlig begivenhet.» for mange lesarar både meiningsfeller og motstandarar. ABC teikna i spaltande bilete av eit Fedrelandslag som var aggressivt på offensiven, fiendtleg innstilt ovanfor marxismen, halv-marxismen og borgarleg «evneløshet.»¹⁰² Dette førte til at mange danna seg ein oppfatning av Fedrelandslaget på grunnlag av ABC, som i tillegg til å vere Fedrelandslaget sitt organ også var ei frittstående vekesavis. Avisa hadde eit opplag på mellom 3000 og 4000, men var avhengig av bidragsfinansiering.

⁹⁸ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 299

⁹⁹ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 299

¹⁰⁰ https://nbl.snl.no/Ranik_Halle, Lest 28.09.2015

¹⁰¹ Hans Fredrik Dahl, (1978), *Detter er London. NRK i krig 1940-45*, s 394

¹⁰² Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 299

Det var fleire kjende medlem i Fedrelandslaget, og ein av dei var bergensaren Victor Mogens. Sidan dei politiske haldningane til Langeland ikkje er like godt kjent, kan ein samanlikne han med ein mann som er kjent for folk flest: Først og fremst Victor Mogens. Kva hadde desse to til felles som gjorde begge omstridde både før, under og etter andre verdskrig? Når Langeland vart tyskvenleg finst det som tidlegare nemnt ingen konkrete kjelder på, men med Mogens er det enklare, det starta kort tid etter første verdskrig. Langeland og Mogens hørte også til den same aldersgruppa og generasjon, Langeland var fødd i 1887 medan Mogens var fødd i 1886.

Victor Mogens var tidleg tilsett som utanriksmedarbeidar i dagspressa, tidsskrift og kringkasting i mellomkrigstida, blant anna Fedrelandslaget si avis ABC. Han hadde også ulike tillitsverv i Fedrelandslaget, og var formann frå 1938, fram til organisasjonen var lagt ned i 1940.¹⁰³ Jobben som utanrikspolitisk redaktør gjennom heile mellomkrigstida hadde stor verdi for Tyskland. Noko som også er eit av fleire teikn på at Mogens var tyskvenleg.

Nicola Karcher skriv i boka *Intellektuelle og det totalitære* at Mogens sitt engasjement for Tyskland primært sprang ut av ein politisk sympati, noko som ikkje var like vanleg blant mange andre norske pro-tyske intellektuelle. Dei tyskvenlege sitt syn var først og fremst kulturelt og til tider ideologisk betinga. For dei spelte kulturelle band og antatt rasemessig slektskap til Tyskland ei avgjerande rolle.¹⁰⁴ Dette høyrer ut som Langeland når ein les *Det er liv eller død det gjelder*:

Forøvrig er det å bemerke at Tyskland skulde ha ekstra gode betingelser for en stor aksjon i befolkningspolitikken nettopp nu. Såvidt en utenforstående kan se er nasjonalsocialismen en bevegelse som i stor utstrekning er skapt på ideer av rasemessig innhold, og nettopp derfor skulde det være en særlig gunstig anledning til å skape den åndsinnstilling og den livsvilje som til slutt er den avgjørende betingelse for rasens liv.¹⁰⁵

¹⁰³ https://nbl.snl.no/Victor_Mogens, Lest 15.09.2015

¹⁰⁴ Nicola Karcher, (2014), *Victor Mogens – en lojal talsmann for Nazi-Tyskland* i Øystein Sørensen, Bernt Hagtvet og Nik. Brandal, *Intellektuelle og det totalitære. Pervert idealisme*. Oslo: Dreyers, s 57

¹⁰⁵ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 151

Det er dette som skal redde den vesteuropeiske befolkninga frå undergang og det Tyskland hadde gjort «har vært en prestasjon man ikke har sett maken til.»¹⁰⁶ Igjen kan ein stille seg spørsmålet om Langeland var nasjonalsosialist, for det var med nasjonalsosialismen at ein kunne vekke «livsviljen» som var så viktig for Langeland. Dersom ein klarte å vekke livsviljen ville det redde den kvite rase frå dens undergang. Og det var berre nokre få som ville klare dette dei kommande åra.

Etter 1933 var Mogens mest opptatt av Tyskland si politiske utvikling og nasjonalsosialismen. Som person identifiserte han seg med sterkt konservative og borgarlege verdiar og det var dette verdisynet som truleg har hatt sterkest innverknad på Mogens si pro-tyske verksemd. Hans tyskvenlegheit bidrog til det alminnelege inntrykk av Fedrelandslaget sin politiske profil. Mogens var aldri nazist, korkje av legning eller medlemskap, men beundra det tyske folk. Interesse for Adolf Hitler var først og fremst som politisk fenomen slik Langeland også såg det.

Mogens hadde sterk antipati mot Quisling og Nasjonal samling, og forsøkte å fjerne Quisling som statsminister i 1940 saman med fleire tidlegare NS-medlem og tilhengarar av den radikale pangermanske Ragnarok-kretsen med Hans S. Jacobsen, Johan B. Hjort, Albert Wiesener og Otto Sverdrup Engelschiøn. Mogens håpte også på å få tildelt ein sentral posisjon kort tid etter invasjonen i 1940. Han hadde truleg meir kontakt med tyskarane samanlikna med Langeland, og i 1933 vart Mogens invitert til Tyskland saman med andre norske og svenske journalistar for å besøke Hitler sitt nye Tyskland.¹⁰⁷

Langeland vart ikkje invitert til Tyskland, men likevel vart han personleg kontakta av SD våren og hausten 1940. I juli same år heldt Langeland eit føredrag om befolkningspolitikken i Tyskland. Om Mogens var meir tyskvenleg enn Langeland er ikkje lett å sei sidan Mogens hadde jobb innan kringkastinga, og fekk dermed uttalt seg meir om Tyskland, men hadde Langeland hatt høvet skal ein ikkje sjå vekk frå at han hadde gjort det same som Mogens.

Heilt fram til 1933 var Mogens sine utanrikskronikkar heilt ukontroversielle, men bar preg av å vere sterkt tyskvenlege. I 1933 vart Stortinget einige om at staten skulle overta og drive kringkastinga. Snart byrja Arbeidarpartiet si presse, i tillegg til enkelte venstreaviser som også skreiv og hadde sine meiningar om Langeland, å kritiserte Mogens sitt monopol på

¹⁰⁶ Langeland, (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 150

¹⁰⁷ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 292

utanrikskronikkar i NRK. Hovudargumentet var at Mogens hadde ei for tyskvenleg haldning, noko Mogens nekta for.¹⁰⁸ Sympatien for Tyskland ga seg ikkje med den nasjonalsosialistiske maktovertakinga i 1933, men synst derimot å ha blitt forsterka.

Både Mogens og Langeland viste tyskvenlege haldningar gjennom føredrag og kronikkar. Victor Mogens vart omtalt som «umiskjenneleg aksevennleg» i denne perioden og fram til krigen i 1940.¹⁰⁹ Noko som dermed førte til at tyskarane såg på han som ein kommande samarbeidspartnar i 1940. Særleg i juni 1940 stod Mogens svært sentralt i mange av tyskarane sine planar. Ministerialrat G.W. Müller, ein av Terboven sine medarbeidarar rådførte seg ofte med han. Mogens sin radiotale 11. juni 1940 fekk stor merksemd for den pragmatisk positive innstillinga til eit tyskdominert Europa og talen inneheldt sterke angrep på Quisling og Nygaardsvold-regjeringa.

Utover sommaren 1940 vart Mogens mindre sentral i politikken.¹¹⁰ Dette kan vere ei av årsakene til at føredraget til Mogens ikkje kom på radio den sommaren, og vart heller ikkje ein del av serien «Det nye Tyskland.» Føredraget til Mogens skulle gått på radio 13. august 1940 kl. 19.45-20.00 og handle om «Die Aufklärungsarbeit.»¹¹¹

I juni 1940 vart det innført kortare føredrag på radio, og den første i rekka av talarar var Victor Mogens. Han valte å ikkje halde talen medan kampane i Noreg føregjekk, men då kapitulasjonen var eit faktum melde han seg for Ministerialrat G.W. Müller med eit manuskript. Talen vart halden 11. juni og Mogens retta sterke skuldingar mot Nygaardsvold-regjeringa og dess krig. Denne talen kosta Mogens hans tiltenkte plass som statsråd i riksrådet.¹¹²

Han var ynskt der av tyskarane, men presidentskapet sette seg i mot dette på grunn av det sterke angrepet på landet si leiing. To veker seinare heldt han eit nytt føredrag om Tyskland. No skildra Mogens den imponerande oppbygginga av det nye Tyskland og hevda at det tyske folket si kraft og dyktigheit ikkje var forklaring nok: «Den fulle forklaring må vi søke i det tyske system. Det er det som har seiret over det gamle demokratisk-parlamentariske system, det er det som blir fremtidens, avpasset for hvert land, efter dets behov og egenart og folkelynne.»¹¹³ Mogens konstaterte i talen at med Tyskland sin seier vil det bli bygd opp eit nytt Europa, det

¹⁰⁸ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 276

¹⁰⁹ Dahl, (1978), *Det er London. NRK i krig 1940-1945*, s 26

¹¹⁰ Norsk krigsleksikon 1940-45, s 275

¹¹¹ Pedagogisk arbeid

¹¹² Dahl, (1978), *Det er London. NRK i krig 1940-1945*, s 184

¹¹³ Norland, (1973), *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*, s 315

første som er bygd etter plan og fornuft. Ein skal ikkje sjå vekk frå at dette var ein tale som appellerte til Langeland, for med ein tysk seier var den vesteuropeiske rasen redda frå undergang.

Victor Mogens vart også dømd etter krigen, men dommen var mykje mildare samanlikna med Langeland sin dom. Mogens vart dømd for angrep på regjering og krigføring gjennom kronikkar og talar på radio. Han vart einstemmig frifunnen av Oslo Byrett i 1949, Mogens måtte bebreidas og ikkje dømmast.¹¹⁴ Mogens sine anti-NS haldningar vog tyngre enn dei Tysklandsvenlege haldningane noko som førte til at han vart «blankt frifunnet.» Langeland vart også frifunnen til slutt, men til forskjell frå Mogens måtte Langeland betale saksomkostningane på 800 kr.

¹¹⁴ Friheten, 09.05.1949, s 10

Kapittel 6

Langeland og Ragnarok

Fleire kjelder viser at Langeland hadde kontakt med ulike norske nasjonalsosialistar og rasehygienikarar på 30-talet. Dette førte til at han skreiv fleire artiklar i det nasjonalsosialistiske tidsskriftet *Ragnarok* og boka hans *Det er liv eller død det gjelder* fekk sær sars positiv omtale i tidsskriftet. Dette må også ha ført til at Langeland fekk augene opp for *Ragnarok*.

Redaktør i *Ragnarok*, Hans S. Jacobsen, skreiv i 1937 at:

Sekretær Oliver H. Langeland i Oslo kommune er ved siden av dr. Jon Alfr. Mjøen vår første mann i fronten mot folkedøden. Norge er et underbefolket land og med den nuværende utvikling og tendens vil vi snart bli utslettet som folk. Fødselstallet er nå 25 prosent under det som er nødvendig til å opprettholde folkemengden. Langeland er statistiker men, han er først og fremst et klokt og friskt menneske som reagerer mot degenerasjon, både saklig og følelsesmessig. Hans bok burde leses høyt i alle norske skoler. Den er verd et hestelas med vanlig julelitteratur.¹¹⁵

Dette var ein av fleire positive omtalar Langeland fekk i tidsskriftet på 30-talet. I 1938 hadde Langeland to lange kronikkar i *Ragnarok: Forsvarskraft og livsvilje: Døende folk har ingen evne til forsvar* og *Når folkene dør*. I den første skreiv Langeland at i Europa veit ein ganske sikkert at det er mannen med «våben i hånd» som blir det avgjerande argumentet når nasjonane sin skjebne skal bli avgjort. Her er det viktig å merke seg at dette var i 1938, då tyske styrker hadde gått inn i Austerrike som utan motstand var blitt foreina med Tyskland. Tyskland okkuperte Sudetenland og i november kom krystallnatta, då den nazistiske tyske regjeringa i verksette omfattande valdshandlingar mot jødar og jødisk eigedom i Tyskland og Austerrike.¹¹⁶

Tidsskriftet *Ragnarok* var eit uavhengig nasjonalsosialistisk månadstidsskrift som var grunnlagt av Hans S. Jacobsen og kom ut mellom 1934-1945. Faste medarbeidarar var Hans S. Jacobsen, som også var redaktør i *Ragnarok* saman med advokat Albert Wiesener. Begge to hadde vore ein del av Nasjonal Samling, men i 1937 vart Wiesener ekskludert frå partiet sidan han hadde teke over rollen som opposisjonsleiar etter at Johan B. Hjort melde seg ut partiet. Jacobsen var medlem i NS frå 1933 til han melde seg ut i 1934. Han melde seg inn igjen i 1940

¹¹⁵ *Ragnarok*, 3. mai 1937, 3. årgang, hefte 3, s 81

¹¹⁶ <https://snl.no/Krystallnatten>, Lest 11.05.15

og var medlem fram til 1945. Jacobsen ynskte seg eit meir reindyrka nasjonalsosialistisk parti enn NS, og tidsskriftet var heile tida erklært nasjonalsosialistisk og tysk-orientert.¹¹⁷ Det gjorde seg bemerkta med livssynsartiklar prega av førestellingar om spesifikt germanske eigenskapar, norrøn mystikk og militant avstandstaking frå kristendomen sine verdiar. Jacobsen hevda at det var rase- og religionsspørsmålet som var den største betydninga i Ragnarok-kretsen.

Ragnarok-kretsen kan gå for å vere radikale nasjonalsosialistar i den forstand at dei ynskte ei fundamental vidtrekkande sosial, politisk, religiøs og kulturell endring av det norske samfunnet. Dei kjempa for at kulturen skulle reinsast frå alt artsframande tankegods at kristendommen skulle erstattast av eit modernisert norrønt hedskap og at samfunnet skulle organiserast sosialistisk. Det vil seie planøkonomisk med utbygging av offentlege velferdsgode for å styrke folkefellesskapet på tvers av klassane.¹¹⁸

Ragnarok-kretsen var radikale, fordi dei meinte at denne endringa ikkje kunne skje utan at ein vendte tilbake til rota – radix. Rasetilhørsle og kamp mellom rasane utgjorde den fortolkingsnøkkelen som kunne forklare både historia sin tilskikkelse og samfunnspolitiske forhold.¹¹⁹ Etter Ragnarok-kretsen sitt syn var jødane opphavet og kjelda til artsframande pårekingar. Jødane sitt nærvær i dei nordiske landa korrumperte folkekarakteren, i tillegg sto dei bak eit samordna forsøk på å vinne verdsherredømme. Som fleire andre tidsskrift og skribentar klaga kretsen over jødisk innverknad i norsk politikk og samfunnsliv, og var i mot jødisk innvandring, men hatske angrep på jødane var ikkje ein stor del av *Ragnarok* sine spalter før krigen. Før krigen vart uttrykket «jødisk» ofte brukt i nedsettande betydingar om politiske og kulturelle fenomen dei tok avstand frå.¹²⁰

Tidsskriftet vart straks ein suksess med eit opplag på rundt 3000 og var det mest leste radikalt nasjonalistiske organ i Noreg på 1930-talet.¹²¹ Kvifor? Både i form og innhald haldt tidsskriftet ein høg standard samanlikna med publikasjonar som blant andre *Fronten*: Avis med nazistisk preg, *Nasjonal Samling*: Hovudorganet for NS og *Nationalt Tidsskrift*: Avis med antisemittisk preg og svastika som emblem.¹²² *Ragnarok* hadde også fleire profilerte bidragsytarar i tillegg til nokre framstående NS-medlem, som jurist og filosof Herman Harris-Aall.

¹¹⁷ Norsk krigsleksikon 1940-45, s 341

¹¹⁸ <http://www.ht08.no/Default.aspx%3Fpageid=867.html>, Lest 25.08.2015

¹¹⁹ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 99

¹²⁰ Emberland, (2003), *Religion og rase*, s 159

¹²¹ Emberland, (2003), *Religion og rase*, s 263

¹²² Norsk krigsleksikon 1940-45, s 410

Det dei fleste i Ragnarok-kretsen hadde til felles var nasjonalsosialistiske haldningar og ville ha ein kategorisk avvising av kristendom sidan religionsspørsmålet var sjølve prøvesteinen på om ein hang fast ved fortida eller hørte til framtida sin fylking. Denne oppfatninga var for desse eit resultat av ei ideologisk preging gjennom fleire års aktivitet innan norsk høgreradikalisme. Kretsen var og særskild kritisk til Quisling og hørte til Hjort-fløyen i NS, noko som førte til at dei fleste melde seg ut eller vart ekskludert frå NS. Quisling omtalte dei som: «Typiske nasjonalbolsjeviker og nyhedninger av Mot Dagistypen, en del misfornøide og frafallne, samt desverre også et par godtroende.»¹²³

Ragnarok-kretsen besto først og fremst av:

Geirr Tveitt var norsk komponist, og sjølv om han var ein del av Ragnarok-kretsen var Tveitt aldri NS-medlem. Han kunne aldri tenke seg å følge Quisling, men han sympatiserte med ein radikal nasjonalsosialisme som han møtte i Ragnarok-kretsen. Kvifor Tveitt var så pass negativ til Quisling var fordi Quisling aldri tok noko oppgjær med kristendomen og reinska ikkje partiet for frimurarar, jødenes håndlangere.¹²⁴ Han var sterkt antisemittisk og i eit brev skreiv han at “jødane valdtek kvinnene våre, og ungdomen vert uoppdregne i det norske arbeiderparti sine semitiske horehandbøker og «seksuelle opplysningsarbeid.»¹²⁵ Både Tveitt, Per Imerslund og Stein Barth-Heyerdahl ønskte at nazistane sitt nærvær i Noreg skulle utnyttast til ein meir gjennomgripande rasebasert kulturrevolusjon.

Johan B. Hjort var til forskjell frå Tveitt medlem i NS frå 1933, i tillegg var han førar for Hirden.¹²⁶ Etter valnederlaget i 1936 kravde den radikale fløyen i NS med Hjort i spissen ein grunnleggjande reorganisering av NS. Denne reorganiseringa innebar blant anna at Quisling skulle tre meir i bakgrunnen som partiet sin ideologiske førar, medan organisasjonsarbeidet skulle formaliserast og effektiviserast. Quisling oppfatta forslaget som eit kuppforsøk og Hjort måtte forlate partiet, og melde seg ut i 1937.

Per Imerslund hørte til venstresida blant dei norske nasjonalsosialistane og var sterkt prega av völkisch-rørsle i Tyskland, der ættetenking og etnisk reinhet var sentrale omgrep. Jødar, kommunistar, frimurarar og katolikkar var med på å øydeleggje germanarane. Han var før og

¹²³ Emberland, (2003), *Religion og rase*, s 137

¹²⁴ Emberland og Kott (2012), *Himmlers Norge*, s 167

¹²⁵ Emberland, (2003), *Religion og rase*, 317

¹²⁶ Hirden var NS sine politiske troppar

under krigen sterkt i mot Quisling som han meinte tilpassa seg tyskarane i altfor stor grad. Han var såpass mot Quisling at han sette i gang ein konspirasjon for å kidnappe Quisling i 1943.

Otto Engelschiøn hadde vore medlem i NS frå 1933, men braut ut som ein del av kretsen rundt Johan B. Hjort, likevel fortsette han i nazistiske opposisjonskrefter fram til hausten 1940. Engelschiøn var også ein av dei 11 som meinte at Langeland ikkje skulle dømast saman med Arne Bergsvik i 1950.

Stein Barth-Heyerdahl var tidleg medlem i Norges Nasjonal-Socialistiske Arbeiderparti (NNSAP) og ein av dei tre som medforfatta det første utkastet til NS sitt program.¹²⁷ Heyerdahl sine radikale, antikristne og raseorienterte haldningar førte til konflikt med Quisling slik at han melde seg ut frå NS hausten 1934. I *Ragnarok* gjekk han ofte til angrep på jødar og tidens åndelege forfall ved intellektualistane som ikkje forstod nasjonalsosialismen sin åndelege kjerne. Barth-Heyerdahl heldt føredrag om rasehygiene og rasespørsmål i NS. Han arbeidde i fleire år med ei større bok om rase og kultur, og som Langeland var Barth-Heyerdahl også påverka av Jon Alfred Mjøen, men boka vart aldri gitt ut, den var for «lettvint og upresis og derfor egnet til å svekke raseforskningens vitenskaplighet.»¹²⁸ Barth-Heyerdahl skreiv at rase var sinnelag, sjel, livsinnstilling, og at rasebevisstheten var nødvendig som grunnlag i dagens nivellerande miljø.¹²⁹ Langeland skreiv også om livsinnstilling og livsvilje, for dette var noko som måtte gjenreisast og at den måtte vekkast på godt, gammalt, konservativt vis. Livsinnstilling måtte ein ha for å overleve¹³⁰ og dette ville til slutt føre til ein befolkningsauke for den kvite rase.

Walter Fyrst var NS-medlem og den første propagandaleiaren i partiet, men vart avsett etter eitt år og meldte seg ut av partiet etter usemjer om Quisling sine linjer i partiet, men melde seg inn igjen i 1941. Fyrst engasjerte seg også som organisator av Frivillig Arbeidsteneste som skulle hjelpe småbønder og arbeidslaus ungdom.¹³¹

Albert Wiesener arbeidde som advokat og forsvarte dei nazistiske ungdommane som braut seg inn hjå Leo Trotskij¹³² i 1936, blant andre Per Imerslund. Wiesener var også tidleg NS medlem.

¹²⁷ Fyrst,(1981), *Min Sti*. Oslo: forf. s 35

¹²⁸ Emberland,(2003), *Religion og rase*, s 423

¹²⁹ Emberland,(2003), *Religion og rase*, s 150

¹³⁰ *Ragnarok*, 4. årgang, hefte 6, august 1938, s 145

¹³¹ https://nbl.snl.no/Walter_Fyrst Lest 02.09.2015

¹³² Russisk revolusjonær politikar

Kva førte til at Langeland kom i kontakt med nasjonalsosialistane i Ragnarok-kretsen? Dei fleste var også ein god del år yngre enn Langeland. Redaktør Jacobsen var t.d. fødd i 1901 medan Langeland var fødd i 1887.

Den 21. mai 1935 deltok hirdsjef og NS fylkesfører i Akershus Johan B. Hjort på eit føredrag med Langeland i Fedrelandslaget som vart kalla: «Den akutte krise i befolkningsutvikling i Norge.»¹³³ Også fabrikkedar og Høgre sin formann, Joh. H. Andresen, var ein av deltakarane på møtet i Fedrelandslaget i 1935. Føredraget vart avslutta av Wilhelm Keilhau, sosialøkonom og medlem i Den konsultative norske komité for rasehygiene, og ein pådrivar for steriliseringslova i 1934. Keilhau var også på fleire føredrag med rasehygienikar Jon Alfred Mjøen på 1930-talet.

I 1938, då Langeland skreiv i *Ragnarok*, var Hjort ute av NS og tilsett i redaksjonsutvalet i tidsskriftet. Kanskje var det Johan B. Hjort som «anbefalte» Langeland til Jacobsen? Ragnarok-kretsen kan altså ha blitt kjent med Langeland gjennom Fedrelandslaget. Jacobsen hadde vore medlem av Fedrelandslaget. Han forsøkte å forfatte eit partiprogram, og programforslaget han la fram for foreininga i 1933 var opphavleg meint å skulle danne eit samarbeid mellom Nasjonal Samling, Fedrelandslaget og Bondepartiet. Forslaget var lagt fram, men trekt tilbake på Fedrelandslaget sitt landsmøte i slutten av november same år.¹³⁴ Når ein les programmet Jacobsen kom med i 1933, har det mykje til felles med det Langeland skreiv om i ulike tidsskrift på 30-talet, og i boka frå 1937.

Alle i Ragnarok-kretsen var sterkt i mot Quisling. I september 1940, etter påtrykk frå Himmler, melde Jacobsen seg inn i NS, for andre gong, og aksepterte ein posisjon som ordfører i Moss.¹³⁵ Han fortsette likevel å gi ut *Ragnarok* som ofte kom i konflikt med leiinga i NS. Hausten 1940 vart Jacobsen utnemnt som leiar for eit utval oppretta av Kultur- og opplysningsdepartementet til «vern om den norske bokheim.» Etter tyske direktiv skulle han sette opp lister over «samfunnsnedbrytende litteratur» som skulle fjernast frå biblioteka, og på same tid fekk Langeland tilbod om jobb som befolknings ekspert for dei norske nazistane.

Ragnarok kritiserte NS heilt frå starten og fortsette med det også etter den tyske invasjonen av Noreg. Juni-nummeret 1940 innehaldt så skarp Quisling-kritikk at den tyske pressesensuren

¹³³ Aftenposten, 21.05.1935, s 5

¹³⁴ Fyrst, (1981), *Min sti*, s 48

¹³⁵ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 166

inndrog heile opplaget.¹³⁶ Bidragsytarar til tidsskriftet var kjente nasjonalsosialistar som Stein Barth-Heyerdahl, Geirr Tveitt, Johan B. Hjort, Per Imerslund og Otto Engelschiøn, som alle hørde til Ragnarok-kretsen rundt Hans S. Jacobsen og kulturforeininga Landnåm. Alle braut seinare med Quisling.

Då det vart klart at SS skulle spele ein framtrekande rolle i Noreg vart det raskt laga ei liste for HSSPF Nord over viktige tyskvenlege kontaktpersonar her i landet. Miljøet rundt tidsskriftet *Ragnarok* med Hans S. Jacobsen, Otto Engelschiøn og Johan B. Hjort i spissen vart utpeikt som særleg viktige sjølv om dei ikkje spelte noko stor rolle i det norske samfunnet.¹³⁷ Ragnarok-kretsen vart også utpeikt av SS til å leie den kulturelle omlegginga av norsk kulturliv. Det måtte skapast ei heilt ny rasemessig fellesskapskjensle i den norske befolkninga. Og denne kunne berre bli realisert gjennom ein vedvarande kulturell og vitskapeleg propagandainnsats som la vekt på det rasemessige og kulturelle slektsskapet mellom nordmenn og tyskarar. SS forsøkte også å tvinge Quisling til å akseptere at medlemmane av Ragnarok-kretsen fekk sentrale posisjonar i det nye NS-styret hausten 1940.

Det var ikkje berre Victor Mogens som hadde fleire ting til felles med Langeland. Ein anna var Hans S. Jacobsen; sosialøkonom, nasjonalsosialist, redaktør i *Ragnarok*, medlem i NS og ein kort periode medlem i Fedrelandslaget. Kva hadde Jacobsen og Langeland til felles. Ein skulle tru at dei var heilt forskjellige personar, men likevel hadde dei mykje til felles.

Langeland var aldri medlem i NS og heller ikkje ein del av Ragnarok-kretsen. Men begge to var opptatt av rasespørsmålet på 1930-talet. I byrjinga skreiv ikkje Jacobsen og *Ragnarok* spesifikt om den nordiske rase, noko Langeland heller ikkje gjorde. Eg vil ikkje gå vekk frå at Langeland var mest fokusert på den nordiske rase sjølv om han brukte omgrepa «den hvite rase» og den «vesteuropeiske rase.» Jacobsen var overbevist pangermanist og la spesiell vekt på raseideane i nasjonalsosialismen.¹³⁸

Både Langeland og Jacobsen var utdanna sosialøkonomar og skreiv ofte i *Statsøkonomisk Tidsskrift* på 30-talet. Dei er også nemnt i boka *Statsøkonomiske kandidater 1908-1932*. Jacobsen var medlem av Fedrelandslaget ein periode på 1930-talet, men gjekk ut i november 1933 på grunn av usemjer og melde seg kort tid etter inn i NS. Etter valnederlaget i 1933

¹³⁶ Norsk krigsleksikon 1940-45, s 340

¹³⁷ Emberland og Kott (2012), *Himmlers Norge*, s 147

¹³⁸ Norsk krigsleksikon 1940-1945, s 198

forsøkte han å formulere partiet sitt mål tydeligare og samtidig å styrkje NS sin stilling ved å bygge ein allianse med Fedrelandslaget og Bondepartiet.¹³⁹ Dette førte til at Jacobsen kort tid etter forsvann ut frå Fedrelandslaget.

Likeins med Langeland heldt Jacobsen også føredrag på radio, men vart aldri ein del av føredragshaldarane i serien «Det nye Tyskland.» 18. juni 1940 heldt Schiffsmäkler Jacobsen eit føredrag om «Die Schifffahrt Norwegens»¹⁴⁰, 1 måned før Langeland. Jacobsen vart også registrert som føredragsholdar under kategorien «økonomiske spørsmål», men kunne også holde føredrag i andre kategoriar, som mest truleg var knytt til *Ragnarok* sidan det står «Zeitschrift Ragnarok, Herausgeber» i NRK sine dokument. Andre aktuelle føredragshaldarar var Victor Mogens, Otto Engelschiøn, Johan B. Hjort og Albert Wiesener. Her står det ikkje lenger noko om at Langeland skulle halde fleire føredrag på radio.

Jacobsen vart også kontakta personleg av tyskarane i 1940, og i ein rapport til Himmler frå leiar for Einsatzstab Norwegen, Hans Hendrik Neumann, vart Jacobsen omtalt som «den mest brukbare nordmann til en lederstilling.»¹⁴¹ Jacobsen var kommissarisk leiar for Forleggerforeningen i eit halvt år frå sommaren 1941, og seinare fylkesmann i Austfold.

Sjølv om Langeland skreiv for eit nasjonalsosialistisk tidsskrift var han ein konservativ nasjonalist, ein av dei som hylla familien som ein heim og sentrum for identitet, solidaritet og kjensler og som var oppteken av tradisjonelle sosiale og etiske syn. Men likevel kom han til å ha meir med dei radikale nasjonalsosialistane i Ragnarok-kretsen å gjere, gjennom tiltaket Landnåm.

¹³⁹ Emberland,(2003), *Religion og rase*, s 247

¹⁴⁰ Riksarkivet RA/S-4895/D/Db/L0003/0002

¹⁴¹ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 147

Kapittel 7

Langeland og Landnåm

Kort tid etter Langeland ga ut boka *Det er liv eller død det gjelder* vart han invitert til å halde eit føredrag for den norrøn-inspirerte foreininga «Landnåm», som vart etablert av fleire frå Ragnarok-kretsen og andre misnøgde NS-folk. I invitasjonen til møtet heiter det:

Foreningen Landnåm:

Har møte den 4. mars kl 20. presis. Inngangspenger er 25 øre.

Program:

Foredrag av sekretær Langeland: "Er det norske folk et døende folk? Krisen i befolkningsspørsmålet".

Rikelig med god underholdning og kameratslig samvær.

Til møtet er det adgang for alle interesserte. Vi håper at De kan komme og at De vil være oss aktivt behjelpelig med å få så mange som mulig med. Det er oss umulig å nå alle med beskjed. Så vi stoler på Deres velvillige assistanse. Vel møtt!"

Oslo 28. februar 1937.¹⁴²

Igjen kan ein sjå at Langeland framleis var godt kjent i det nasjonalsosialistiske miljøet i Noreg. Å skrive kronikkar for det nasjonalsosialistiske tidsskriftet *Ragnarok* var ikkje nok. Bodskapen om befolkningskrisa både i Noreg og hos den vesteuropeiske rase måtte bli spreidd ut til alle. Dette var berre byrjinga. Sjølv om denne foreininga ikkje var den største, bestod den først og fremst av unge nasjonalsosialistar.

Ein kan stille seg spørsmålet om Langeland på denne tida var nazist. Han har hittil blitt omtalt som ein konservativ nasjonalist, men likevel har han kanskje hatt betre kontakt med det nasjonalsosialistiske miljøet enn det konservative? Det var få, som ikkje var ein del av Ragnarok-kretsen, som skreiv for tidsskriftet og blei invitert til å halde føredrag for foreininga Landnåm. Det einaste eksemplet på ein anna «utanforståande» var Langeland sin rasepolitiske «kampfelle» Jon Alfred Mjøen, som skreiv artikkelen *Rasespørsmålet* i 1937 og

¹⁴² PA Engelschiøn, HL-senteret

som og vart invitert til Landnåm. Ein må gå ut i frå at Langeland visste godt kva foreininga stod for, og at dette var noko heilt anna enn Fedrelandslaget.

Ovanfor sine tilhengjarar hadde jurist Johan B. Hjort føreslege at dei nasjonale kameratskapskretsane måtte frå no av prioritere kulturelt arbeid. Blant nyhedningane i Ragnarok-kretsen, som ville ha ein kulturrevolusjon på norrøn grunn fenga ideen. Otto Engelschiøn, Bjarne Gran og Arne Henriksen, ein tidlegare hirdmann og deltakar i Gjøvik-slaget gjekk i gang med arbeidet. Nyåret 1937 stifta dei foreininga Landnåm. På møta var det Stein Barth-Heyerdahl, Hans S. Jacobsen, Walter Fürst, Albert Wiesener, Johan B. Hjort, Thomas Neumann og Geirr Tveitt som dominerte.

«Foreningen er upolitisk, men med front mot alle de nedbrytende kreftene som truer det norske folket. Den vil i videst mulige kretser spre positiv kunnskap om norske og nordiske kultur- og samfundsspørsmål.»¹⁴³ Dette var målet med føredraget til Langeland. «Er det norske folk et døende folk?» var eit særskilt viktig samfunnsproblem på den tida. Spesielt for dei som var bekymra for den kvite rasen. Foreininga ville i tilknytning til praktiske øvingar fremje forståelsen for forsvaret og arbeidstenesta.

Foreningen velger hvert halvår sin formann med 2/3-flertall. Formannen velger selv sitt styre. Den som vil være med i foreningen, må bli anbefalt av to av medlemmene og kan ikke bli medlem dersom ikke styret enstemmig godkjenner det. Styret fastsetter en halvårlig kontingent". Disse retningslinjene er bare ment som foreløbige, da foreningen alltid vil ta op nye oppgaver som melder sig efterhvert.¹⁴⁴

Den upolitiske profilen til Landnåm var mest eit strategisk grep for å rekruttere folk utanfor kretsen, som misnøgde NS-folk. Under fleire møte Landnåm hadde på 30-talet kom det fram at ein hadde til hensikt å fremje nasjonalsosialistiske, raseorienterte og nyhedenske idear: Bjarne Gran: *Sagn, saga, historie*, Johan B. Hjort: *Norges demring*, Jon Alfred Mjøen: *Begavelsens arvegang i nordiske slekter*, Otto Engelschiøn: *Diktaturet og den nordiske livsinnstilling*, Walter Fürst: *Frivillig Norsk Arbeidstjeneste* og Johan B. Hjort: *Forsvaret, en militærsak eller en*

¹⁴³ Terje Emberland og Bernt Roughtvedt, (2004), *Der ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*, Oslo: Aschehoug, s 326

¹⁴⁴ Statutter PA Engelschiøn

*folkesak?*¹⁴⁵ Forsvarsføredraget til Hjort vart halde 25. november 1937 og resulterte i ein resolusjon retta til den norske regjeringa, der ein oppfordra til innsats for å gjenreise folket si forsvarsvilje.

Forsvarssaken var eit særleg omliggande for foreininga. I statuttane er dette presisert: «(Landnåm) vil i tilknytning til praktiske øvinger fremme forståelsen for forsvaret [...]». Formuleringa «praktiske øvinger» sikta til at ein forsøkte å vinne innflytelse over dei frivillige forsvarsforeiningane og skyttarlaga.¹⁴⁶ Føremålet med dette var openbart ikkje berre å skape ein folkeleg forsvarsvilje mot trusselen frå Sovjet, men også å byggje opp ein kontrarevolusjonær garde» som kunne settast inn ved ein eventuell kommunistisk oppstand.

Landnåm-medlem, komponist Geirr Tveitt deltok aktivt i kretsen og forsøkte å organisere eit nasjonalsosialistisk parti som alternativ til Nasjonal Samling, som etter deira meining hadde «glidd vekk i ein betydingslaus rolle som eit indremisjonsvenleg høgreperti.»¹⁴⁷ Under Hans S. Jacobsen og Otto Engelschiøn si leiing med Johan B. Hjort som velvillig bisitjar, forsøkte dei heilt fram til 1939 å realisere dette, med Landnåm som første steg på vegen. Men det vart ingenting av denne planen. Dei forsøkte også å etablere ei ny nasjonal dagsavis til erstatning for *Fritt Folk* og planen var at Ragnarok-kretsen var tiltenkt sentrale posisjonar: Hans S. Jacobsen som redaktør, Johan B. Hjort som utanrikspolitisk kommentator, Otto Engelschiøn som ansvarleg for historisk stoff og Geirr Tveitt som musikkannemdar.

Heller ikkje dette vart noko av, då dei økonomiske kalkylane kom opp visste det seg at prosjektet var heilt urealistisk.¹⁴⁸ Så dei valte å fortsette med Landnåm, som ein upolitisk organisasjon fram mot krigen. Då viste det seg at fleire av medlemmane i Landnåm kom til å arbeide for okkupasjonsmakta, både politisk, militært og innan propagandaverksemda i dei ulike media.

¹⁴⁵ Emberland og Roughvedt, (2004), *Det ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*, s 327

¹⁴⁶ Emberland og Roughvedt, (2004), *Der ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*, s 327

¹⁴⁷ <http://www.ht08.no/Default.aspx%3Fpageid=867.html#fotnote>, Lest, 05.09.2015

¹⁴⁸ Emberland og Roughvedt, (2004), *Der ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*, s 328

Kapittel 8

Nazifiseringa av Norsk Rikskringkasting

Våren og sommaren 1940 etter den tyske okkupasjonen av Noreg heldt fleire «bekannte Norweger» føredrag på norsk/tysk radio.¹⁴⁹ Alle nøye utvalt av dei tyske okkupantane, og ingen av føredragshaldarane var tilfeldige. Alle hadde et godt forhold til Nazi-Tyskland. Dei utvalte var tyskarane sine føretrekte samarbeidspartnarar og dei fleste var openbart Quisling-motstandarar, noko som var til stor frustrasjon for NS-kretsane. Den siste «bekannten Norwegischen» var sekretær Oliver H. Langeland. Men det var mykje som skjedde i NRK før Langeland heldt føredraget sitt sommaren 1940.

NRK blir tysk-kontrollert

Den 9. april klokka 19.32 starta radiosendinga med setninga «Norske kvinner og norske menn (...) Den nasjonale regjering har overtatt regjeringsmakten, med Vidkun Quisling som regjeringssjef og utenriksminister.»¹⁵⁰ Dette var talen då Quisling annonserte sitt statskupp i samband med det tyske angrepet på Noreg. Quisling skulle gjenta erklæringa klokka 22.00 same dag. Ved dette høvet var heile NRK-leiinga tilstade i kontrollen og det vart på NRK sitt initiativ tatt eit opptak av talen til Quisling.

Kaoset som statskuppet vekte, velta i dei kommande dagane også tilbake over kringkastinga sjølv. Hans Fredrik Dahl skriv at som så mange andre norske institusjonar vart NRK trekt mellom tre innbyrdes kjempande tyske autoritetssentre, som alle forsøkte å fremje sin politikk, i dette tilfellet ved å kontrollere dei direktiv som skulle bli gitt om kringkastingsprogramma.¹⁵¹ NRK var ikkje lenger under norsk leiing og ikkje lenge etter mista Quisling all innflytelse over NRK, og NRK var frå no kontrollert av Nazi-Tyskland. NRK var også den einaste statsinstitusjon som vart ordna på nytt samtidig med innføringa av kommissarstyret og vart ein av dei første institusjonane som vart pålagt å ta ein NS-mann som øvste leiar.¹⁵²

Kvifor var det viktig for tyskarane å få kontroll over Kringkastinga? Den var eit av dei viktigaste media for å formidle informasjon under krigen og nådde ut til heile befolkninga i Noreg. Etter at tyskarane kom til Oslo vart sendingane den 9. april stengt i nærmare tre timar. Frå

¹⁴⁹ Abteilung Rundfunk

¹⁵⁰ <http://www.nrk.no/skole/klippdetalj?topic=nrk:klipp/337561>, høyr 20.08.2015

¹⁵¹ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*. Oslo: Cappelen, s 63

¹⁵² Dahl, (1991), *NRK i fred og krig. Kringkastingen i Norge 1920-1945*, s 177

10. april var NRK meir eller mindre programmessigsett, blitt eit instrument for tyskarane, der dei fleste meldingane om krigen i og utanfor Noreg vart gjengitt etter tysk synsvinkel.

Våren 1940 nytta Reichskommissar Josef Terboven og SS seg flittig av NRK for å fremje sine føretrekte norske samarbeidspartnarar. Den primære nyheitskjelda for NRK var frå og med 10. april dagens oversikt frå den tyske øvstkommanderande, som alltid vart referert først og som ga tonen til kvar sending. Den 10. april vart det også lansert ein skriftleg avtale med åtte punkt som etablerte ein relativt mild militær sensur av NRK sine nyheitsmeldingar.¹⁵³

Wehrmacht sitt ansvar angjekk utanrikspolitikk og krigsmeldingar. Alle andre sendingar som berre fekk det generelle direktiv at dei ikkje skulle skade tyske interesser, skulle vere riksprogramsjefen sitt ansvar.¹⁵⁴ Tyskarane ville likevel sjå gjennom korrekturen av programma i *Hallo! Hallo!* før det vart trykt. Kringkastinga frå Oslo var ikkje lenger representativ for landet som heilskap.

Abteilung Rundfunk

Straks Reichskommissariat hadde etablert seg i landet, starta nyordninga av Norsk Riksringkasting. Kringkastinga vart underlagd Kultur- og folkeopplysningsdepartementet hausten 1940, men frå starten det var det tyske Reichskommissariat som dikterte premissane gjennom Abteilung Rundfunk.¹⁵⁵ I slutten av april og byrjinga av mai tok Abteilung Rundfunk form. Tidleg i juni gjekk Reichsrundfunk sitt Noregsprogram for siste gang frå Tyskland. Edvard Sylous-Creutz, som etterkvart vart hallomann og programmedarbeidar i Abteilung Rundfunk, reiste i juni 1940 til Oslo der Abteilung Rundfunk var på god veg til å «innsjalte» seg i NRK for å omdanne norsk kringkasting til ein propagandakanal for Tyskland i krigen mot BBC.¹⁵⁶ Abteilung Rundfunk sin politikk var å direkte kople seg inn i det norske programmet utan sjølv å stå fram som ansvarleg.

Eit eksempel er at tyskarane ville forhindre at det vart for mykje tysk grammofonspeling på radio i forhold til norsk. Anonymitet var typisk for den tyske radiopolitikken. Det galdt å lure

¹⁵³ Dahl, (1991), *NRK i fred og krig. Kringkastingen i Norge 1920-1945*, s 161

¹⁵⁴ Olav Midttun var riksprogramsjef fram til 28. september 1940

¹⁵⁵ <https://arkivverket.no/arkivverket/Tema/Andre-verdskrig/Samfunnslivet/Radio-og-kringkasting>, Lest 02.09.2015

¹⁵⁶ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 133

den tyske propagandaen inn i eksisterande talar og gi ein kontinuitet med det ubestemmelege kjente, å leggje bodskapan nær opp til dei kontaktformene som fanst frå før.¹⁵⁷

Radioprogramma gjekk stort sett som før, men nyheitstenesta i NRK var gjennomnazifisert allereie frå seinsommaren 1940. I den grunnleggjande programstrukturen var det ei viss forskyving vekk frå føredrag og over mot musikk, spesielt populærmusikk.¹⁵⁸ Elles inneheldt den nazifiserte radioen alle NRK-ingrediensane bortsett frå reklamen og vêrmeldingane. Ei av årsakene til den raske nazifiseringa var ein mangel på administrativ forankring innad i NRK. I slutten av april då Reichskommissariatet var etablert, gjekk kontrollen med NRK frå Wehrmacht og over til den sivile tyske forvaltning. Dette førte til eit personskifte og NRK vart i tillegg lagt under Reichkommissar sin avdeling for folkeopplysning og propaganda, leia av Ministerialrat G.W. Müller med Regierungsrat Schaudinn som ansvarleg for Gruppe Rundfunk. Ordninga vart skriftleg stadfesta 20. mai då også Schaudinn sin fullmektige, Sonderführer løytnant Paul Müller-Franken tok over den praktiske kontakten med NRK.¹⁵⁹

SS-Obersturmbannführer Paul Müller-Franken vart leiar for Abteilung Rundfunk i Terboven sitt kommissariat og var NRK sin faktiske sjef med tittelen Sonderführer. Bak Müller-Franken stod Reichskommissariat sitt Hauptabteilung Volksaufklärung und Propaganda¹⁶⁰, leia av Ministerialrat Georg Wilhelm Müller.¹⁶¹ Müller-Franken var kringkastingsmann, og hadde vore i Oslo fleire gonger på 1930-talet som idrettsreporter for Reichsrundfunk-Gesellschaft. Alle av Müller-Franken sine forslag som galdt NRK vart som regel realisert, til stor frustrasjon for riksprogramsjef Olav Midttun, som seinare vitna i rettssaken mot Langeland. Müller-Franken tvang ofte planar gjennom ved kupp. Dersom eit program var ferdig og klart til å settast opp erstatta han det gjerne med eit anna rett før sending eller eit seinare tidspunkt.

Paul Müller-Franken rekrutterte som regel radikale nasjonalsosialistar med ein fiendtleg innstilling til Quisling til staben av norske medarbeidarar i Abteilung Rundfunk: Fritz Ihlen var ein tidlegare NNSAP-aktivist og ven av nasjonalsosialist og frontkjempar Per Imerslund.¹⁶² Då Gruppe Rundfunk vart omgjort til Abteilung Rundfunk underlagt Hauptabteilung Volksaufklärung und Propaganda, var det 18 tilsette og 12 av dei var nordmenn:

¹⁵⁷ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 306

¹⁵⁸ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 291

¹⁵⁹ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 178

¹⁶⁰ Folkeopplysning og propaganda

¹⁶¹ Dahl, (1991), *NRK i fred og krig. Kringkastingen i Norge 1920-1945*, s 203

¹⁶² Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 151

Eyvind Mehle, Edvard Sylou-Creutz, Per Imerslund, Sverre Mitsem, Fritz Ihlen, Ivar Christiansen, Jacob Tønder, Idar Tranar, Olaf Klausen, B. Andersen, B. Simenstad og G. Møller.¹⁶³ Av desse var det berre Eyvind Mehle og Edvard Sylou-Creutz som var medlem av Nasjonal Samling, men lojaliteten gjekk meir til tyskarane enn til Quisling.

Edvard Sylous-Creutz var norsk klassisk pianist, komponist og kringkastingsmann. Han var NS-medlem og i mars 1940 søkte han på ei stilling i radiosendingane frå Tyskland til Noreg og fekk jobb som programpresenterer og nyheitsopplesar.¹⁶⁴ Desse sendingane var propagandistiske og starta 1. april 1940. I slutten av april og byrjinga av mai 1940 vart førebuing gjort for å avvikle dei tyskbaserte sendingane og i staden gjere bruk av NRK. Den 28. september fekk nazistane meir kontroll over NRK. Olav Midttun fekk sparken, og Sylous-Creutz fekk jobben som programdirektør for musikk. Under Sylous-Creutz vart all jødisk musikk på radio forbode, og alle utøvarar skulle vere medlem av NS.¹⁶⁵ Sylous-Creutz forlot NRK hausten 1942.

Wilhelm F. Koren Christie var NS-politikar og i perioden 1940-1941 riksfullmechtig i NRK, men hadde aldri hatt noko med NRK å gjere før han vart utnemnt til riksfullmechtig. Christie hadde tidlegare vore sakfører på Hamar og NS-medlem sidan 1933. Då Christie vart omtala som riksfullmechtig og kommissarisk leiar var det med nemninga henta direkte frå tysk forvaltningspraksis og meir eller mindre talande for den maktrealiteten som herska under okkupasjonen så tittelen «riksfullmechtig» var derfor meiningslaus. Heile tittelen bar bod om den improvisasjon og forvirring som det tyske kommissarstyret påførte forvaltinga.¹⁶⁶

Som riksfullmechtig kom Christie som regel heilt til kort ovanfor Müller-Franken, som i dei fleste tilfella var og opptredde som NRK sin faktisk leiar, og han hadde heller ikkje autoritet over eigne direktørar, som Eyvind Mehle. Christie måtte derfor innsjå at NRK låg i tyske hender.¹⁶⁷ I 1941 vart han avskjediga, og måten ha vart avskjediga på var talande for det eigentlege maktforholdet i NRK. Christe hadde tilsetjingsbrev frå kultur- og folkeopplysingsdepartementet, men fekk avskjeden sin frå Reichskommissariat.

Våren og sommaren 1940 sytte Paul Müller-Franken for å gi både Albert Wiesener, Johan B. Hjort og Fedrelandslaget sin formann Victor Mogens tilgang til mikrofonen for å halde politiske

¹⁶³ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 394

¹⁶⁴ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 113-115

¹⁶⁵ Randolph H. Braham, (1983), *Contemporary Views on the Holocaust*, s 121

¹⁶⁶ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 287

¹⁶⁷ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 294

kåseri.¹⁶⁸ Mogens heldt føredrag om stat og forfatning som hylla «det tyske systems seier over det gamle parlamentariske system.» Denne favoriseringa førte til irritasjon i NS-kretsane, særleg då Guldbrand Lunde på same tid vart avvist etter å ha bedt om å få halde eit radiokåseri.¹⁶⁹ Frå slutten av juni forsvann denne kretsen frå repertoaret. Utover seinsommaren 1940 kom Müller-Franken sitt forslag til talarar å gå i retning av NS og som seinare kom til å tre opent fram til fordel for Quisling.

Abteilung Rundfunk i Reichskommissariat sin avdeling for folkeopplysning og propaganda fungerte i realiteten som NRK si øvste leiing, og NRK var frå juni 1940 blitt ei kvern for tyske interesser. 23. mai opna Abteilung Rundfunk si eiga nyheitsteneste over NRK sin kortbølgesendar med 15 minutt norske og 15 minutt tyske nyheiter tre gonger om dagen. Dei første var mynta på Narvik-soldatane, medan dei to siste på norske lyttarar.¹⁷⁰

Radionyheitene vart no openbart diktert av militære og politiske behov. Nyheitene vart degenerert til lange overkommando-kommunikear overlevert i tysk syntaks og lest opp utan entusiasme av redaksjonssekretær Karl Lyche og nynorsk-hallomann Hartvig Kiran. Sistnemnte vart skulda av Müller-Franken for å gjengi nyheitene «gerade zu jämmerlich.»¹⁷¹

Korte foredrag var etter norsk programfilosofi dårlege foredrag ifølgje Olav Midttun. Dersom tyskarane ynskte å propagandere for det nye Tyskland gjennom NRK, måtte dei ikkje gjere det ved å sette useriøse kåsørar framfør mikrofonane med knapp tid slik dei no hadde ein tendens til å gjere. Føredraget til Langeland sommaren 1940 om befolkningspolitikk i Tyskland hadde vart i 15 minutt, dermed eit føredrag som ikkje passa inn i Midttun sitt NRK som heller burde bringe «meir alvaar, meir reel kunnskap og rettleiding i sendingane.»¹⁷²

Reichskommissariat fann NRK sine sendingar lite hensiktsmessig ut frå eit militært synspunkt. Som det var, eigna det norske riksprogrammet seg særst dårleg som soldatprogram. Det skulle vere lett musikk, ikkje tungt og bastant, og mindre verbalstoff. I eit brev til G.W. Müller skriv avsendar, mest truleg Müller-Franken, at «Das Program des norwegischen Rundfunks ist schon immer schlecht und langweilig gewesen.»¹⁷³

¹⁶⁸ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 184

¹⁶⁹ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 151

¹⁷⁰ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 181

¹⁷¹ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 181-182

¹⁷² Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 183

¹⁷³ Riksarkivet, RA/RAFA-2174/E/Ee/Eea/L0006/0005, Soldatenstunden

Kringkastingsmann Paul Müller-Franken sitt krav om kortare foredrag vart også følgt av forslag om kven NRK burde invitere. Namnelister viser direkte tilbake til Reichskommissariat sin taktikk under riksrådsforhandlingane, og er interessant for kva dei avdekkjer av bevisst kringkastingsbruk frå tyskarane si side.

I mai 1940 kom det eit skriv frå Reichskommissariat angående «Norwegische Rundfunk» og dei norske radioprogramma, der det heiter at målet er å rekruttere norske medarbeidarar og føredragshaldarar som er positive til «Det nye Tyskland».¹⁷⁴ Ein av desse var Oliver H. Langeland.

Langeland heldt sitt føredrag «Befolkningspolitikk i Tyskland» tysdag 23. juli klokka 19.45-20.00. Det var ein del av foredragsserien «Det nye Tyskland.» Andre føredragshaldarar var Herman Harris Aall, Sverre Krogh, Eyvind Mehle, Øyvor Hansson og Birger Meidell. Desse var kjente NS-medlem og fleire hadde vore medlem i partiet sidan 1933.

Herman Harris Aall var jurist og arbeidde som agent for Hitler-Tyskland der han forberedte møtet mellom Quisling og Hitler i 1939.¹⁷⁵ Seinare vart han leiar av Undersøkelsskommisjonen av 1943, ein undersøkingskommisjon sett ned av Quisling si nasjonale regjering for å granske Nygaardsvold-regjeringa og Haakon VII sin opptreden ved angrepet på Noreg i 1940. Den tidlegare arbeidspolitikaren Sverre Krogh blei seinare konsulent i Kulturdepartementet med ansvar for å formidle kontakt med fagrørsla og den delen av arbeidspressa som framleis eksisterte.¹⁷⁶ Frå hausten 1940 blei tidlegare forskar Birger Meidell kommissarisk statsråd fram til 1941 og var i perioden 1941-1945 direktør i Norges Brannkasse, radiojournalist Eyvind Mehle var blant anna programdirektør i Norsk Rikskringkasting og Øyvor Hansson, leiar for NS-kvinnene i Oslo. Alle var medlem i Nasjonal Samling gjennom store deler av okkupasjonstida.

I dokumentet frå Abteilung Rundfunk står det at også at Thorolf Winter-Hjelm, Charles Hoff, Odin Augdahl, Per Petersen, Wilhelm Rasmussen, Victor Mogens og Per Reidarson skulle halde føredrag i serien «Det nye Tyskland.» Winter-Hjelm var ein tysk kjøpmann, forfattar og skulle halde føredrag om Tyskland sin finanspolitikk. Charles Hoff var trenar for friidrettsforbundet og oppfordra i ein radiotale i 1940 idrettsfolk til å leggje ned våpna. Hoff sette seg tydeleg i forbindelse med tyskarane og kom til å presse på for få ein nyordning i norsk idrett. Hausten

¹⁷⁴ Tyske arkiver, Reichskommissariat. Abteilung Rundfunk. Sakarkiv. RA/RAFA-2174-2174/E/Ee/Eea/L0002

¹⁷⁵ https://snl.no/Herman_Johan_Regnor_Harris_Aall, Lest 04.11.2015

¹⁷⁶ http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=polsys&lan=&MenuItem=N1_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=33&person=11720, Lest 05.09.2015

1940 vart han utnemnt til ekspedisjonssjef i idrettsavdelinga i departementet for Arbeidstenesta og idrett, og melde seg inn i NS. Hoff var også idrettsfører for NS-hirden.¹⁷⁷ Reidarson var komponist og NS-medlem som ga NS eit kulturpolitisk innhald og var sterkt inspirert av tyske forbilde.¹⁷⁸ Han raste mot modernismen som vart dyrka på jødisk og marxistisk hald. Wilhelm Rasmussen var NS-medlem frå 1933 og i 1941 laga han blant anna ei byste av Quisling. Rasmussen er mest kjent som mannen bak NS- monumentet på Stiklestad, ein bauta med NS sitt solkors og tilhøyrande trappegang og ringmur med vikingmotiv om Stiklestadslaget, som vart fullført i 1944, men riven rett etter krigen. Hans Henrik Petersen var som Rasmussen NS-medlem frå 1933 og sterkt jødefiendtleg. Han var også medlem i NS sin kamporganisasjon, Hirden og Germanske SS. Odin Augdahl utgjorde den indre kretsen i miljøet rundt Ragnarok. Den siste var Victor Mogens, som var tyskvenleg, men ikkje medlem i NS og var ein av fleire som forsøkte å få Quisling fjerna i 1940.

Sjølv om ikkje Mogens, Augdahl og Winter-Hjelm haldt føredrag, var dei tyskvenlege, og fleirtalet var medlem i NS. Dei som ikkje var NS-medlem var Langeland og Mogens, og av dei ti som fekk føredraga sine publisert hjå G. Stenersens forlag, var Langeland den einaste som ikkje var medlem i NS.¹⁷⁹

¹⁷⁷ https://nbl.snl.no/Charles_Hoff, 08.09.2015

¹⁷⁸ https://snl.no/Per_Reidarson, 08.08.2015

¹⁷⁹ Dei andre var Harris Aall, Bugge, Hansen, Hansson, Klevar, Krogh, Mehle, Meidell og Thon

I eit skriv frå Abteilung Rundfunk var det desse som skulle halde føredrag i juli/august 1940:

- 22.07: Dr. Herman Harris Aall (NS) – Deutschland als totalitärer Staat
- 23.07: O.H. Langeland – Die Bevölkerungspolitik im Neuen Deutschland
- 29.07: Odin Augdahl (NS) – Die Rechtsordnung im Neuen Deutschland (Heuch Bugge -NS)
- 30.07: Øyvør Hanson (NS) - Die Stellung der deutschen Frau
- 02.08: Birger Meidell (NS) – Erziehung und Unterricht im Neuen Deutschland
- 05.08: Winter-Hjelm – Deutschlands Finanzpolitik (Eivind Thon - NS)
- 06.08: Odin Augdahl (NS) – Die Sozialpolitik im Neuen Deutschland (Sverre Krogh - NS)
- 09.08: Charles Hoff (NS) – Der Sport im neuen Deutschland
- 12.08: Steinar Klevar (NS) – Die nationalen Ernährungsfragen
- 13.08: Victor Mogens – Aufklärungsarbeit (Eyvind Mehle - NS)
- 16.08: Hans Henrik Petersen (NS) – Strassen und Bauten im Neuen Deutschland
- 19.08: Klaus Hansen (NS) – Deutsche Kultur
- 20.08: Wilhelm Rasmussen (NS) – Die bildende Kunst
- 23.08: Per Reidarson (NS) – Deutsches Musikleben

På denne lista frå Abteilung Rundfunk er ikkje advokat Heuch Bugge, redaktør Eivind Thon, NSDAP-tilknytta dr. Eyvind Mehle, som i september same år vart programsjef i NRK og redaktør Sverre Krogh representert. Når ein studerer boka som vart gitt ut av G. Stenersens forlag etter at føredraga vart hald er Augdahl, Winter-Hjelm og Mogens mest truleg bytta ut og erstatta med Heuch Bugge , Eivind Thon, Eyvind Mehle og Sverre Krogh, alle NS-medlem, og som heldt dei same føredraga som Augdahl, Mogens og Winter-Hjelm skulle ha halde.

Kvifor vart dei tre erstatta? Mykje tydar på at Victor Mogens takka nei. Winter-Hjelm var mest truleg ikkje med i NS fordi han var frå Tyskland og Augdahl må ha takka nei av andre grunnar. Dette tyder også på at Langeland har hatt høve til å trekkje seg frå føredraget. Han var no i eit selskap med kjende NS-medlem som store deler av befolkninga i Noreg hadde høyrte om, alt frå friidrettsutøvarar til juristar og kunstnarar.

Måla med desse foredraga var å trekke opp ulike hovudlinjer for dei nye formane for samfunn og stat, slik det var under utvikling i Tyskland. Tanken til Müller-Franken var først og fremst å få ei lettare kringkasting utan mange og lange føredrag som NRK var kjent for under Midttun. I det tyske dokumentet er det ikkje notert noko spesifikk dato om når det skulle startast ein

føredragsserie om Tyskland, men dersom ein tek utgangspunkt i det NRK gjorde før okkupasjonen skulle planen om føredraga vere klar rundt 6 veker før det første føredraget. Då skulle eit programskjelett vere klart og trykt 3 veker før den aktuelle sendeveka.¹⁸⁰ Dersom dette var tilfelle hadde Langeland hatt ei god stund til å vurdere om han skulle halde føredraget eller ikkje.

Kvifor takka Langeland ja til å holde føredraget sitt i serien «Det nye Tyskland» berre nokre månader etter okkupasjonen?

I føredraget finst det ikkje kritikk av Tyskland. For Langeland sitt vedkommande er det berre det nye Tyskland som kunne redde den kvite rasen frå utrydding og dersom denne kampen ikkje skulle lukkast ville det sjå trist ut for den kvite mann si framtid.¹⁸¹

I føredraget kom det også fram at Langeland er positiv til sterilisering dersom det var nødvendig for å redusere talet på born blant arvelege belasta personar, dette ville skje gjennom eit stort opplysningsarbeid.¹⁸²

Det spesielle er at Augdahl, Mogens og Winter-Hjelm vart bytta ut og erstatta med personar som haldt føredraga dei opphavleg skulle ha helde. Om dette var frivillig eller ei er ikkje lett å sei, men dersom dei har hatt høvet er det merkeleg at Langeland ikkje trekte seg. Han må ha vore klar over at alle dei andre føredragshaldarane var NS-medlem, til og med dei som vart erstatta. For med ein gang Langeland kom inn i NRK sitt radiostudio den 23. juli 1940 var ikkje NRK lenger ein norsk institusjon, NRK var no tysk og låg under Reichskommissariats Hauptabteilung Volksaufklärung und Propaganda¹⁸³ med G.W. Müller som øvste leiar og radioen var no eit dei viktigaste media for å spreie tysk propaganda i Noreg under okkupasjonen.

¹⁸⁰ Dahl, (1978), *Dette er London. Norge i krig 1940-1945*, s 182

¹⁸¹ Langeland, (1940), *Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 24

¹⁸² Langeland, (1940), *Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 21

¹⁸³ Avdeling for folkeopplysning og propaganda

Kapittel 9

Langeland sitt føredrag den 23. juli 1940

Noko som alltid slo tilbake på Langeland etter krigen var føredraget han heldt i 1940 om befolkningspolitikken i Tyskland. Ser ein på det Langeland skriv etter krigen, verkar som om han prøver å framstå som naiv og uforståande kvar gong han blir konfrontert om føredraget. Boka *Det er liv eller død det gjelder* frå 1937 vart aldri nemnt under rettssaka. Denne boka er omtrent identisk med det Langeland snakka om i beste sendetid på Abteilung Rundfunk i juli 1940.

Dei gamle norske kringkastingsfolka, som Midttun og Wildhagen, hadde ikkje hatt noko å gjere med denne føredragsserien, så talarane visste kva dei gjekk til.¹⁸⁴ Programmet vart deretter påtvinga Kringkastinga. Ikkje lenge etter vart føredraga samla i heftet trykt og sendt ut i kommisjon. Forlaget som trykte føredraget var J.M. Stenersen, som endra namn til G. Stenersen i 1941. Forlaget samarbeidde med NS under krigen, og fekk eit spesielt ansvar for å gi ut tyske bøker oversett til norsk og nazistisk propagandalitteratur. Eigar og sjef for forlaget, Gunnar Stenersen var kommissarisk forslagssjef frå sommaren 1941 fram til freden.¹⁸⁵

Korleis såg Langeland sjølv på dette føredraget? Det vart ikkje brukt mot han før Arbeidarbladet fann det kort tid før rettssaka byrja å bli aktuell i 1948. I løpet av rettssaka nekta Langeland for å ha noko å gjere med foredraget, han hevda han hadde blitt kontakta av professor Olav Midttun og lektor Fredrik Christian Wildhagen.¹⁸⁶ Dessverre for Langeland kunne korkje Midttun eller Wildhagen å nokon gong hugse å ha snakka med Langeland i 1940. Det var midlertidig mogleg at førespurnaden til Langeland hadde passert gjennom føredragsavdelinga til NRK.¹⁸⁷ Det hadde blitt oppretta eit tysk kontor som på eiga hand ordna ein heil del propaganda-føredrag, deriblant serien «Det nye Tyskland.» Dette kontoret gjorde alle avtalar, men det vart også sendt ut førespurnad til føredragshaldarane for å få oversikt over om dei møtte til avtalt tid.

I fleire kronikkar etter krigen hevda Langeland at han vart kontakta av anten Midttun eller Wildhagen før føredraget. Han hadde oppfatta dette som ein førespurnad frå den ordinære leiinga som manøvrerte for å behalde stillinga, derfor erklærte Langeland seg villig til å holde føredraget, men var ikkje klar over at det var ein føredragsserie som vart arrangert utanom

¹⁸⁴ Arbeiderbladet 11.12.1948, s 4

¹⁸⁵ Norsk krigsleksikon, (1995), 1940-1945, s 67

¹⁸⁶ Programdirektør i NRK med ansvar for Opplysningsavdelinga

¹⁸⁷ Arbeiderbladet 28.11.1950, s 7

Kringkastinga si ordinære leiing. Han var heller ikkje klar over at serien skulle trykkast av G. Stenersens Forlag. I desember 1948 sto han framleis på sitt om at han vart kontakta av Wildhagen for å holde eit føredrag om befolkningspolitikken i Tyskland. Når ein les dette er det vanskeleg å vurdere kven som snakka sant, for enkelte høyrdes det ut som ein dårleg bortforklaring. Langeland sa under rettssaka at han hadde vore i Valdres, men Midttun hevda han ville ha hugså å ha mottatt ein rikstelefon med Valdres i 1940.

Ein kjem ikkje vekk frå at Langeland var ein ivrig skribent og ingenting opptok han så mykje som befolkningspolitikk, då i Vest-Europa. Dette kan ha vore ei forklaring på kvifor han fekk halde føredrag på norsk radio.

Langeland heldt føredraget «Befolkningspolitikk i Tyskland» den 23. juli 1940 kl. 19.45. Han hevda seinare at tyskarane hadde vore negative til føredraget, og sa han hadde fått kraftig på pukkelen av ein tysk ekspert som meinte at Langeland sin konklusjon ikkje stemte med tysk oppfatning.¹⁸⁸ Kva var då tysk oppfatning? Langeland sa ikkje noko negativt om Tyskland i føredraget, det var berre Tyskland som visste korleis ein skulle auke den ariske befolkninga. Kven denne eksperten er seier ikkje Langeland noko om. Kvifor vart han likevel kontakta av gestapomannen dr. Rietz i september viss føredraget var såpass dårleg, i juli?

Noko av det eg finn merkeleg med dette føredraget er at Langeland ikkje nektar at han gjennomførte det, men likevel hevdar han at han vart kontakta av to som var tilsett i NRK. Men desse nekta for å ha hatt noko kontakt med Langeland sommaren 1940. Kven er det då som fortel sanninga? Mykje tydar på at Langeland var sær s nøgd med føredraget sitt om befolkningspolitikken i Tyskland. Det var ikkje før i 1948 at han vart konfrontert med det av Arbeidarbladet. Han svarte då at han ikkje ville gå i detalj om det han hadde snakka om sommaren 1940, men sa utvilsamt det same som han hadde sagt i fleire år tidlegare, og som han framleis hevda, at for heile Vest-Europa sitt folk er kampen å gjenreise folka sin overlevingsevne det eine store spørsmålet.

For Langeland var dette viktigare enn den kalde krigen mellom Aust og Vest som framleis var i gang.¹⁸⁹ Ifølgje Langeland var føredraget heilt objektivt og inneheldt ikkje noko nytt, og hadde ingen propagandaverdi. Kva meinte Langeland med levedyktighet etter krigen, var han framleis uroa for den kvite rase sin undergang? Han avslutta føredraget i 1940 med

¹⁸⁸ Aftenposten 11.12.1948, s 3

¹⁸⁹ Arbeiderbladet 13.12.1948, s 3

«Skulle kampen ikke lykkes vil det se trist ut for den hvite manns fremtid, for da vil håpet også være lite for de andre europeiske folk.»¹⁹⁰

Herman Harris Aall heldt dagen før, Langeland, føredraget «Tyskland som ensrettet stat.» Dette føredraget vart skrivi om i NS-avisa *Fritt Folk*, medan Langeland sitt ikkje vart nemnt med eit ord, så det tyder på at Langeland ikkje var medlem i NS. Dersom han hadde vore medlem hadde han definitivt blitt nemnt.

Det er ikkje nokon tvil at Langeland brukte boka *Det er liv eller død det gjelder* som utgangspunkt då han heldt føredraget 23. juli 1940. Om han lovpriste Hitler, slik Arbeiderbladet hevda under rettssaken i 1948, kan sjølv sagt diskuteras. Langeland var likevel imponert over det Hitler hadde fått til frå 1933 for å stoppe befolkningsnedgangen i Tyskland og at dei gjorde ein stor innsats for mest mogeleg å redusere talet på born blant arveleg belasta personar, men han skriv ikkje spesifikt om nasjonalsosialismen.

Sjølv om det er tre år mellom boka og føredraget er det mykje likt. Av dei landa han brukar som eksempel i boka er Tyskland det landet han legg mest vekt på. I føredraget brukar han dei mest relevante eksempla frå boka, det gjeld Tyskland og det tyske folk. I føredraget i 1940 ser han mørkare på framtida enn det han gjer i boka frå 1937. Men konklusjonen er den same, både i boka og føredraget. Tyskland er det einaste landet som kan redde den kvite rase. I føredraget avsluttar han med: «Tysklands kamp for å gjenreise folkets levedyktighet er en kamp av verdenshistorisk betydning. Dersom den lykkes, gir det et visst håp om at den hvite mann fremdeles vil kunne leve gjennom tidene.»¹⁹¹

I boka skriv Langeland at «Tyskland er foreløbig det eneste land som fullt ut har skjønnt at det vesteuropeiske folk (hvite mann) i disse år har sin siste chance til å velge om de vil leve eller dø.»¹⁹²

¹⁹⁰ Langeland,(1940), *Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 18

¹⁹¹ Langeland ,(1940),*Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 24

¹⁹² Langeland, (1937),*Det er liv eller død det gjelder*, s 152

I føredraget står det mellom anna:

Aldri har Europas folk stått overfor en fare av slike dimensjoner. Folkeslag som har evnen til å leve har tiden for seg. De kan tåle ulykker og nød gjennom århundrer og de kommer likevel igjen. Men tapet av fruktbarheten betyr døden for et folk og i vår tid vil historiens kvern sannsynligvis male hurtigere enn i tidligere tider. De forskjellige folk må derfor være forberedt på å handle hurtig hvis de vil ha noe som helst håp om å redde sitt liv som folk i denne situasjon [...] Det virkelige forhold synes å være at tapet av fruktbarheten har den nøyeste sammenheng med hele den mentalitet som behersker stormassen av de vesteuropeiske folk, og noen tilslutning til kampen for livet, kampen for fruktbarheten, kan man derfor ikke få unntatt fra dem som er villige til å bryte med hele den livsinnstilling som oppfatter den enkeltes mest platte materielle livsnytelse som livets vesentligste mål.¹⁹³

Det var ikkje mange likningssjefar i Noreg som skreiv om dette, men Langeland hadde ei løysning på problemet. Dei einaste som kunne redde den kvite rase var Tyskland, dei som no hadde komme til Noreg, berre nokre månader før den 23. juli.

Etter føredraget i juli 1940 blir ikkje Langeland nemnt i Abteilung Rundfunk sitt arkiv på Riksarkivet, men han vart tilbydd andre arbeidsoppgåver nokre månader seinare.

¹⁹³ Langeland,(1940), *Befolkningspolitikk i Tyskland*, s 18-19

Kapittel 10

Dr. Jochen Rietz

I boka *Dømmer ikke* skriv Langeland «Høsten 1940 vart jeg utsatt for press allerede i september måned. Jeg ble kalt til en tysker i Stortingsbygningen, og han (tyskaren) meddelte meg at han hadde i oppdrag fra meget høyt både tysk og norsk hold om å anmode meg om-nærmest pålegge meg å bli medlem av N.S. Grunnen var at det skulle lages befolkningspolitikk og at jeg skulle gjøre dette.»¹⁹⁴ Langeland skriv ikkje i *Dømmer ikke* kven denne tyskaren var.

Det var ikkje før i ein kort kronikk i Arbeiderbladet at Langeland skriv namnet på denne tyskaren: Dr. Jochen Rietz. Det finst ikkje mykje informasjon han, men han blir nemnt i Aftenposten 5. desember 1945, i samanheng med rettssaken mot SS-offiser og leiar for Gestapo si Osloavdeling, Siegfried Fehmer. «Da Fehmer kom til stede og hadde fått den falske dødsattesten av Dr. Rietz påla han alle taushetsplikt.»¹⁹⁵ Her kan ein sjå at Dr. Rietz var høgt oppe i det tyske systemet, sidan han hadde kontakt med, blant andre Fehmer.

Dr. Rietz var underlagt Fritz Paris, Reichskommissar sin fullmektige, medisinsk fagleg leiar frå 1940-1945, som i realiteten bestemte hovudtrekka i den helsepolitikken og som legar og juristar i Innanriksdepartementet skulle følge.¹⁹⁶ Innanriksdepartementet som vart oppretta ved Reichskommissar Terboven sin forordning 25. september 1940, inneheldt til å byrje med av 9 avdelingar og 50 kontor. Helseavdelinga i Innanriksdepartementet besto av Legekontoret, Administrasjonskontoret, Tuberkulosekontoret, Sinnsjukekontoret, Hygienekontoret, Apotekkontoret og Befolkningskontoret. Dette kan ha vore Dr. Rietz sin plan for Langeland: Innanriksdepartementet – Helseavdelinga – Befolkningskontoret.¹⁹⁷

Det har lenge vore ein teori om at Rasse- und Siedlungsführer Gustav Richert kontakta Langeland hausten 1940, men no ser det ut som det var Dr. Jochen Rietz som tok kontakt med Langeland på vegne av Fritz Paris og andre høgtstående menn i Innanriksdepartementet. På denne tida var det NS-medlem Albert Viljam Hagelin som bestyrte Innanriksdepartementet. Der fekk han hand om nazifiseringa av kommunane, organisasjonane og den indre og ytre forvaltninga.¹⁹⁸

¹⁹⁴ Langeland, (1948), *Dømmer ikke*, s 109

¹⁹⁵ Aftenposten 05.12.1945, s 7

¹⁹⁶ http://michaelquarterly.no/index.php?seks_id=111540&a=1, Lest 05.10.2015

¹⁹⁷ https://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2009/helsetilsynetrapport8_2009del131940-1945.pdf, Lest 05.10.2015

¹⁹⁸ https://nbl.snl.no/Albert_Viljam_Hagelin, Lest 25.10.2015

Då Langeland fortel om Dr. Rietz i 1948, verkar det som om denne mannen var ein vanleg lege, men etter å ha funne meir informasjon om denne mannen var han langt frå vanleg lege. Så kven var han?

I november 1932 vart han medlem i NSDAP og etter ei tid i SA gjekk han inn i SS som SS-mann. Grunna stadig byte av studiestad høyrte han ikkje til nokon av partiet sine «Ortsgrupper» og vart fjerna frå partiet ved ein gjennomgang av kretslistene. Han vart teken opp i partiet igjen etter at han fekk jobb som universitetsassistent i Kiel. I 1939 vart Rietz utnemnt til SS-Untersturmführer. Under arbeidet med Kvakksalvermetodar i Schleswig-Holstein kom han i kontakt med SS-distriktet i Kiel som informerte Rietz om organisasjonen og vart i 1937/1938 overført til 40. standarte i Allgemeine SS, SD-avdeling Kiel der han frivillig arbeidde med fleire helserelevante spørsmål.¹⁹⁹

Han vart send til Oslo juni 1940 som ein del av den medisinske administrasjonen til SD, Abteilung I: Personale og organisasjon og Abteilung III: Sicherheitsdienst. Våren 1943 fekk han jobb som overlege ved den tyske fangeleiren Grini. I tillegg til å vere lege fekk han også i oppdrag å plukke ut fangar som var friske nok til å bli transportert til Tyskland. Nokre av behandlingsmetodane hans for sjuke fangar gjekk ut på å legge pasientar i kaldt vatn.²⁰⁰

Dr. Rietz var ein overtydd nazist og evnene hans som medisinsk lege var avgrensa og han var først og fremst SS-Hauptsturmführer, men vart sett på som ein Gestapomann av fangane på Grini. Etter krigen var Dr. Rietz mistenkt for krigsforbrytelsar, men saken vart lagt vekk etter bevisets stilling og han vart sendt tilbake til Tyskland i juni 1947.²⁰¹

¹⁹⁹ Questionnaires. Tyske okkupasjonsstyrker i Norge. Tyskere. Forsvaret, Forsvaretsoverkommando II. Sakarkiv, Sikkerhetskontoret – Personellsikkerhet. RA/RAFA-3915/D/Db/L0027

²⁰⁰ Kristen Taraldsen, *Frihetens flamme – Major Laudal og hans menn*. Fædrelandsvennen, s 389

²⁰¹ Questionnaires. Tyske okkupasjonsstyrker i Norge. Tyskere. Forsvaret, Forsvaretsoverkommando II. Sakarkiv, Sikkerhetskontoret – Personellsikkerhet. RA/RAFA-3915/D/Db/L0027

Her er eit utdrag frå avhøyrret av Dr. Jochen Rietz i 1946²⁰² :

Personalialia: Hauptsturmführer Med. Dr Friedrich Hans Jochen Rietz. Født: 14.08 1910, i Berlin Wilmersdorf. Bustad: Kiel, Tirpizstrasse 12.

Eg studerte medisin på universiteta i Königsberg, Berlin, Innsbruck og Kiel. Under utdanninga deltok eg også i zoologiske studiar i Würzburg på den marinbiologiske anstalten Helgoland og det Hydro biologiske instituttet ved Langenarmen am Bodensee. I 1932 tok eg pre-medisinsk eksamen i Würzburg og i 1935/36 eksamen i medisin.

Etter studiet jobba eg 1 år som medisinsk praktikant på universitetsklinikken i Kiel. Eg vart godkjent lege i 1937 og fekk jobb som frivillig assistent på den medisinske universitetsklinikken (indre medisin) i Kiel. I 1938 fekk eg stilling som vitskapleg universitetsassistent på same klinikk og promotert til Dr. Med. I 1939 tenestegjorde eg tre månadar i Luftwaffe fram til november då eg byrja i Einwanderer-Zentralstelle som tok seg av innvandrande Baltisk-tyskarar og Wolhyniatyskarar.²⁰³ EWZ låg under Sipo, og Sipo var igjen underlagt Innanriksdepartementet. Eg var under heile krigen universitetsassistent i Kiel og i juni 1940 vart eg kommandert til legeteneste ved BdSudSD i Oslo.

I Oslo var eg som lege ansvarleg for alle tilhøyrande tenesteplasseringane i BdSudSD Oslo. Eg hørte då til Avdeling I (Sanitetsvesenet). Medisinsk var eg ansvarleg for både sanitetsplassen ved BdS Furulund og KdS i Bygdøy allé 39. Furulund besto av 1 sjukeheim med 18 sengeplassar, bemanna med ein lege, ein sjåfør og ein sjukepleiar. Denne sjukeheimen tok seg både av mannlege og kvinnelege pasientar, tilhøyrande begge tenestestadane.

Tidleg vart ansvaret for den medisinske oversikten på Grini overført til meg. Før det låg ansvaret hjå Ordenspolitiet (ORPO). Ansvaret for fangane på Møllergata var underlagt ORPO fram til kapitulasjonen. (Oberfeldarzt²⁰⁴ Dr. Hauer). Den praktiske medisinske gjennomføringa på Grini var det dei norske fangelegane som gjennomførte. Mi oppgåve avgrensa seg til å ha oversikt over sjukeavdelinga med 250 sengeplassar.

Avdelinga vart under mi tid bygd opp og innehalda alle fasilitetar for eit sjukehus: Kirurgi, røntgen, infeksjonsstasjon og indremedisin.

²⁰² Oversett frå tysk

²⁰³ Tysktalende minoritet i det vestlege Ukraina

²⁰⁴ Medisinsk personell som for.eks. kirurg

I byrjinga av opphaldet mitt i Oslo var eg underlagt Avdeling III, der eg måtte skrive månadsrapportar om helsesituasjonen i Noreg, men dette vart det mindre av utover. Verksemda som lege var under oppsikt av overlege ved Höheren SS- und Polizeiführer; Oberfeldarzt Dr. Hauer. Dersom han ikkje var tilstade overtok eg hans ansvar. Eg har ikkje deltatt i arrestasjonar eller avhøyr.²⁰⁵

Sjølv om han hevda at han ikkje hadde arrestert eller avhørt folk, sendte han likevel fleire hundre til Tyskland. Fangar som sa dei var sjuke vart undersøkt, godkjent, erklært «sendungsfähig» og sendt direkte til Tyskland.²⁰⁶

Grini fangeleir

Grini fangeleir i Bærum ved Oslo var den største tyske fangeleiren i Noreg. Til saman 19.247 fangar var registrert, og på det meste sat 5400 fangar her, dei fleste var norske politiske fangar og eit mindretal var utanlandske fangar. Etter kvart kom det fleire fangar som hadde utført kriminelle handlingar.²⁰⁷ Administrasjonen på Polizeihäftlingslager Grini vart bygd opp etter ein modell som vart brukt i tyske konsentrasjonsleirar og den daglege drifta kom til å gå føre seg mellom leiinga i SD og ein administrasjon leia av fangar. Polizeihäftlinglager var administrativt lagt under der Befehlshaber der Sicherheitspolizei und des Sicherheitsdienstes (BdSudSD). Behandlinga av fangane varierte, særleg sommaren og hausten var ei vanskeleg tid med brutal og vilkårleg behandling.

Dr. Rietz fortel ikkje mykje om Grini, berre at han var lege. Det var våren 1943 at Jochen Rietz fekk jobb som overlege ved fangeleiren på Grini. Sjølv om han ikkje sa noko om opphaldet på Grini då han vart intervjuet, var det fleire vitne som kunne fortelje om Dr. Rietz og hans arbeid i fangeleiren.

Dr. Rietz var ein overbevist nazist og ifølgje kollegaer på Grini var han 98% nazist og 2% lege. Rietz hadde liten erfaring som lege og var først og fremst SS-Hauptsturmführer, men fangane såg på han som ein Gestapo-mann. Dr. Rietz hadde ansvar for at dei medisinske fasilitetane var i orden og hadde tilsyn over alle fangeleirane til Gestapo, men førsteprioritet var Grini. I fangeleiren var det han som bestemte kven som var friske nok til å bli sendt til Tyskland.

²⁰⁵ Questionnaires. Tyske okkupasjonsstyrker i Norge. Tyskere. Forsvaret, Forsvaretsoverkommando II. Sakarkiv, Sikkerhetskontoret – Personellsikkerhet. RA/RAFA-3915/D/Db/L0027

²⁰⁶ Rolf Grüner-Hegge, (1991), *Gestapo henter deg om natten*. Oslo: Gyldendal, s 153

²⁰⁷ https://snl.no/Grini/tysk_fangeleir, Lest 07.09.2015

Ifølgje vitne tok han ikkje omsyn til dei sjuke fangane og dei medisinske undersøkingane han utførte var overflatiske og sjølv om dei andre norske legane protesterte, vart protestane deira som regel ignorerte av den tyske legen. Dette førte til at fleire av fangane vart for sjuke og dermed deportert til Tyskland. På Grini gjekk han alltid med SD-uniform. 8.-9. desember 1943 vart ei gruppe på 600 fangar sendt til Tyskland. Den medisinske undersøkinga tok berre eit par timar, og Rietz hadde oppført seg meir som ein Gestapomann enn ein lege.²⁰⁸

²⁰⁸ Questionnaires. Tyske okkupasjonsstyrker i Norge. Tyskere. Forsvaret, Forsvaretsoverkommando II. Sakarkiv, Sikkerhetskontoret – Personellsikkerhet. RA/RAFA-3915/D/Db/L0027

Kapittel 11

SIPO og SD 1940-1942

Dr. Jochen Rietz var ein del av SD allereie før han kom til Noreg i 1940 og deretter kontakta Oliver H. Langeland. Korleis organisasjon var dette, kven var involvert og kva skjedde i Noreg?

SD var ein tysk etterretningsorganisasjon, oppretta i 1931 og vart ein av dei viktigaste og største tyske organisasjonane i Noreg under krigen. Den var spreidd over heile landet med fleire leiarar og tilsette i kvar avdeling, som igjen hadde ei bestemt arbeidsoppgåve.

Etter krigsutbrotet ekspanderte SD kraftig. Organisasjonen fekk ansvar for å etablere Einsatzkommandoar med mannskap frå SD, sikkerheits- og kriminalpolitiet som skulle sikre dei okkuperte områda, blant anna Noreg, mot tyskefiendtelege element. For SD var det viktig å rekruttere nordmenn, og måten ein gjorde det på var ved bruk av studentutveksling. Dette ville gjere det mogeleg for SD å komme i kontakt med interessante nordmenn som kunne bli SD-kontaktar. SD si etterretningsverksemd i Skandinavia hadde truleg blitt meir intensivt mot slutten av 1930-talet, og då okkupasjonen av Noreg var eit faktum var det i denne delen av SS-apparatet ein hadde fått den største Noregs-kompetansen. Og dermed oversikt over viktige nordmenn som burde kontaktast i 1940

To av dei som sto over Dr. Rietz i SD i Noreg var Heinrich Fehlis og Wilhelm Rediess. Rediess var Höhere SS- und Polizeiführer, og Fehlis var Befehlshaber der Sicherheitspolizei. Desse hadde det overordna ansvaret for blant andre Dr. Rietz og avdelinga hans i Oslo.

Heinrich Fehlis var ikkje den første politisjefen i Noreg. I november 1940 avløyste han den første, Franz Walther Stahlecker og vart kort tid etter forfremma til SS- Obersturmbannführer og utnemnt som den nye Befehlshaber der Sicherheitspolizei (BdS), ei stilling han hadde fram til kapitulasjonen i mai 1945. Reint kommandomessig stod han difor direkte under Reinhard Heydrich sitt RSHA i Berlin, men han var også SS-mann og understilt SS-sjefen i Noreg, Wilhelm Rediess.²⁰⁹ Som BdS var han Reichskommissar Terboven sin politiske referent og skulle rapportere til Terboven om stemningar og om kva som gjekk føre seg blant den norske befolkninga, både innan og utanfor NS. I 1943 ga Fehlis ordre om at norske advokatar ikkje skulle brukast i politiske saker og seinare vart berre tyske forsvararar brukt.²¹⁰ Som Sipo-sjef var

²⁰⁹ Berit Nøkleby, (2003), *Gestapo i Norge*, Oslo: Aschehoug, s 30

²¹⁰ Berit Nøkleby, (1991), *Josef Terboven: Hitlers mann i Norge*. Oslo: Gyldendal, s 232

Fehlis også ansvarleg for all bruk av tortur og det var han som underteikna skriftlege ordrar om å avrette namngjevne fangar.

Wilhelm Rediess var Höhere SS- und Polizeiführer Nord (HSSPF) frå juni 1940 ut krigen og underlagt Reichskommissar Josef Terboven. Heile HSSPF-ordninga var bygd opp rundt eit direkte og personleg lojalitetsforhold til Reichsführer-SS. Rediess hadde ansvar for alle SS- og politifolk sin disiplin og opptreden, og for deira ideologiske skoling. Og under store aksjonar og razziaer var det Rediess som hadde kommandoen over alle dei tyske og norske politistyrkene. Som alle militære divisjonssjefar hadde også Rediess ein feltdomstol, SS- und Polizeigericht. Han var hovudansvarleg for Terbovens sin bruk av politiet til politisk undertrykking.²¹¹ I tillegg var han retten sin øvste sjef i Noreg, men Terboven hadde benådingsrett. Rediess implementerte også Lebensborn-programmet i Noreg som var eit hjelpeapparat for mødre med norsk/tyske born. Før Rediess kom til Noreg hadde han hatt stilling som HSSPF i Aust-Preussen, her hadde han hatt ansvar for drapet på 1558 handikappa jødar med bruk av såkalla «gassvogner».²¹²

I Noreg var SD og Sipo frå første stund ein integrert del av den tyske siviladministrasjonen. Då Terboven landa på Fornebu 21. april, hadde Reichskommissar fire SS-menn i sitt følge som skulle gjennomføre dei organisatoriske førebuingane til denne styrken.

Den tyske politileinga i Noreg brukte Stortingsbygningen som sitt hovudkvarter og den 29. april hadde det komme fleire Gestapo-folk slik at politileinga kunne organisere Sipo og SD etter same system som i Tyskland. Frå første veka i mai 1940 flytta Sipo og SD alle kontora sine til Victoria Terrasse 5-7.²¹³ Fram til januar 1945 var Sipo-tenestestaden i Oslo ein kombinert BdS- og KdS-organisasjon og ved årsskiftet 1944/45 vart dei to organisasjonane skilt frå kvarandre og BdS under leiing av Fehlis flytta til Furulund medan KdS- Oslo vart verande igjen på Victoria Terrasse.

Under Heinrich Fehlis si leiing vart verksemda utover hausten 1940 konsolidert og omstrukturert. BdS vart parallelt til RSHA, delt inn i seks avdelingar og som igjen vart delt i fleire kontor: Avdeling I for personale og organisasjon, som førte personallister og –akter som definerte arbeidsområda, hadde ansvar for postgangen inn og ut og ansvar for sanitetsvesen og passkontor. Avdeling II for økonomi og administrasjon, ansvar for lønningar og drift, politiet sine fangeleirar, telefon, telegraf og radio samt bilar og våpen, Avdeling III for SD, med ansvar

²¹¹ https://snl.no/Wilhelm_Rediess, Lest 15.09.2015

²¹² Emberland og Kott, (2012), Himmlers Norge, s 123

²¹³ Odd Bergfald, *Gestapo i Norge*. Oslo: Hjemmenes, s 12

for overvaking av dei kulturelle, politiske og sosiale forhold i Noreg og samanfatta meldingar frå heile landet til rapportar, «Meldungen aus Norwegen», som vidare vart sendt til Terboven og RSHA. Avdeling IV for Gestapo leia det eksekutive arbeidet for Sipo og SD i Noreg og førte kartotek over alle fangar og dreiv med kontraspionasje i Noreg. Avdeling V, for Kriminalpolitiet som forfølgde alle kriminelle som skada tyske interesser og avdeling VI for etterretning utanlands og som dreiv etterretning som kunne nåast frå Noreg, først og fremst i Sverige og Finland.²¹⁴

I 1941 tok Sipo-organisasjonen form etter mønster av hovudkvarteret Reichssicherheitshauptamt (RSHA) i Berlin. Talet på Sipo-tenestemenn auka frå ca. 300 i 1940 til rundt 1065 personar (850 menn og 215 kvinner) i 1945.²¹⁵ Dei generelle reglane for SD si verksemd i Norge i byrjinga var prega av førestillingane om at det norske folk var tyskarane sine naturlege allierte og snart og relativt motstandslaust ville akseptere forholda under okkupasjonen. Dersom offiserar og mannskap trakasserte den norske sivilbefolkninga ville det bli straffa på det strengaste.

Då dette til slutt ikkje førte fram vart tidlegare Gauleiter i Essen, Josef Terboven sendt til Noreg og vart Reichskommissar für die besetzten Norwegischen Gebiete.²¹⁶ Etter kvart vart det klart at Reichskommissariat måtte bli ei meir permanent ordning, og det vart akutt behov for å ekspandere og omstrukturere Sipo SD si verksemd i landet. Den 25. september 1940 kom det eit klart skilje mellom det tyske Sipo og SD si haldning. Tenestemennene i dei tyske politistyrkene vart no satt inn i kampen for å knekke den norske motstanden så fort som mogeleg. Resultatet av dette var dei store opprullingane, og som førte til at Langeland fekk jobben som distriktssjef i Milorg D-13 i 1942.

²¹⁴ Nøkleby, (2003), *Gestapo i Norge*, s 35

²¹⁵ Nøkleby, (2003), *Gestapo i Norge*, s 14

²¹⁶ Bergfald, (1978) *Gestapo i Norge*, s 12

RuSHA

Ei anna avdeling som må ha vore relevant for Langeland sine oppgåver var Rasse- und Siedlungshauptamt (RuSHA), SS sitt rase og busetjingskontor. Avdelinga gjennomførte fleire målingar av menneske før og under krigen, og delte menneska inn i fire kategoriar. Dei to første klassifiserte RuSHA som stort sett nordisk-germanske og dermed høgverdige, og dei andre to som mindreverdige. Jødar og sigøynarar var det ikkje nødvendig å måle, dei skulle drepast uansett.²¹⁷ Den praktiske rasemessige undersøkinga vart gjennomført ved opprettinga av eit nettverk av rasereferantar.

Det er mogeleg at Langeland også vart kontakta av tyskaren Gustav Richert. Richert kom til Noreg rett etter okkupasjonen og vart knytt til Reichskommissariat, Abteilung Ernährung und Landwirtschaft.²¹⁸ På same tid vart han utpeikt av Himmler til såkalla Rasse- und Siedlungsführer for Noreg. I tillegg til administrative oppgåver i Reichskommissariat skulle han også forsøke å «vinne politisk innflytelse over bondestanden» i landet. Himmler og Richert vart også einige om å etablere Lebensborn-institusjonen i Noreg.

Seinare vart Richert også stadleg representant for Himmler som Reichskommissar für die Festigung deutschen Volkstums (for å styrkje tyskskap) og skulle rekruttere nordmenn til kolonisering av dei okkuperte aust-områda.²¹⁹ Nokre av dei viktigaste samarbeidspartnarane til Richert var HSSPF Rediess, BdS Stahlecker og SS-hauptsturmführer Hans Hendrik Neumann.

I 1941 kom Dr. Helmut Stellrecht med ein rapport der han framheva dei låge fødselstala i Noreg som ein av dei største truslane den nordiske rase står ovanfor: «Det rasemessige vedunderlege bilde som Oslo fortsatt i dag kan tilby, vil vere borte om få generasjonar.»²²⁰ Kvifor høyrer dette kjent ut? Den 1. februar 1938 haldt Langeland dette føredraget «Går den hvide race undergangen i møte?» Ifølgje Langeland ville «innbyggertallet i Norge reduseres til halvparten i løpet av 200 år dersom fødselstallet fortsette å gå ned.»²²¹

Heldigvis for Langeland hadde tyskarane ei løysning på problemet. Reichskommissariat utvikla ein treårsplan for befolkningspolitikken i Noreg. Gjennom propaganda retta mot ungdommen, innstramming i tilgang til abort og støtteordningar for mor og born ville ein få ei

²¹⁷ http://www.hlsenteret.no/undervisning/materiell/pdf/Holocaust_og_raselere_videregaende.pdf, Lest 01.10.2015

²¹⁸ http://www.fortid.no/tidsskrift/download/fortid_0902.pdf, Lest 01.10.2015

²¹⁹ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 139

²²⁰ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 188

²²¹ Aftenposten, 01.02. 1938, s 5

langt høgare fødselsrate. Målet var 30 barn per tusen innbyggjarar i året. Då Langeland heldt sitt føredrag i 1938 var talet 15 per tusen innbyggjarar i Noreg.²²²

Eit viktig befolkningspolitisk verkemiddel var også framstillinga av eit fullstendig rasekart over Noreg. Arbeidet med dette vart satt i gang våren 1941 då SS sine raseekspertar føretok reiser i Sør-Noreg for å danne seg eit nøyaktig bilde av befolkninga sin samansetning. Ei av forklaringa på nedgangen var at dei norske kvinnene var misnøgde med norske menn som var trege og veike. Men dette hadde sine fordeler for okkupasjonsmakta: «Etter at den første mistroen er overvunnet, vil det ikke være vanskelig for våre soldater å finne seg en pike.»²²³ Ein avtale mellom Himmler og Terboven resulterte i etableringen av Lebensborn i Noreg, den første avleggar av organisasjonen utanfor Tyskland. Dette var også eit av RuSHA sitt viktigaste prosjekt i landet. For å sikre SS full kontroll med verksemda fekk Richert ansvaret for oppbygginga. I løpet av krigen vart det oppretta 10 mødre- og fødeheimar i Noreg.

Den kvite rase vart til slutt redda frå den kommande undergangen Langeland hadde spådd nokre år tidlegare.

²²² Aftenposten, 01.02.1938, s 5

²²³ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 189-190

Kapittel 12

Vart kven som helst kontakta av nazistane?

Var det berre tilfeldige personar som vart kontakta av nazistane? Nei, dette var personar som tyskarane hadde kjennskap til frå før. Eit eksempel på det er politiministar Jonas Lie. Jonas Lie var før krigen ein anerkjent kriminalforfattar og politijurist som leia aksjonane mot streikande arbeidarar. Korkje Lie eller Langeland var NS-medlem på denne tida. Under andre verdskrig vart Lie politiministar, både blant Josef Terboven sine kommissariske statsrådar og i Vidkun Quisling si andre regjering, der han vart kjent som representant for ei tyskvenleg linje.

Lie vart også kontakta av nazistane. Det var ikkje kven som helst som vart kontakta av tyskarane, dette var “håndplukka” nordmenn. Dei som kontakta Lie var høgre oppe i det tyske systemet i Noreg enn dei/den som kontakta Langeland, men likevel var dei ein del av den tyske administrasjonen i Oslo. Lie valte å akseptere tilbodet, medan Langeland takka nei og viste til at han var norsk offiser, derfor var det uaktuelt å samarbeide med okkupasjonsmakta. Sjølv om han takka nei, viser det likevel at Langeland må ha gjort noko som har interessert nazistane før krigen.

I biografien om Jonas Lie av Bernt Roughvedt skriv Roughvedt:

Fem dager etter Lies møte med den tyske overkommando fikk sorenskriver Ole F. Harbek, som bestyrte Justisdepartementet på vegne av administrasjonsrådet, fått en henvendelse fra lederen for Sipo-SD (BdS) i Norge, Franz Walther Stahlecker. Han fortalte at tyskerne ønsket å opprette en stilling med en overordnet inspektørs myndighet overfor kriminalpolitiet i landets forskjellige distrikter. I denne stilling ønsket de utnevnt utrykningssjef Jonas Lie.²²⁴

²²⁴ Bernt Roughvedt, *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie*. Oslo: Cappelen, s 139

I *Dømmer ikke* skriv Langeland:

Jeg ble kalt til en tysker i Stortingsbygningen (September 1940), og han meddelte meg at han hadde i oppfrag fra meget høyt både tysk og norsk hold å anmode – nærmest pålegge meg – å bli medlem av N.S. Grunnen var at det skulle lages befolkningspolitikk og at jeg skulle gjøre dette.²²⁵

Når ein samanliknar desse to ser ein at tyskarane hadde peikt seg ut kven dei ville ha rett etter at dei hadde okkupert Noreg i april.

Kvifor skulle ikkje Langeland bli kontakta? Føredraget «Befolkningspolitikk i Tyskland» han heldt den 23. juli må ha vist at Langeland var den rette mann for tyskarane til stillinga som skulle bli oppretta i september same år. At han vart oppfordra om å bli med i NS betyr ikkje at han var nazist eller Quislings-sympatisør. Ei av årsakene kan vere at dersom Langeland vart NS-medlem ville det vere lettare å plassere han i ein av dei ulike organisasjonane som vart oppretta i september 1940. At tyskarane ville ha han med betyr rett og slett at dei såg på han som ein viktig og dyktig mann som det var verdt å ha med seg vidare. For då tyskarane kom til Noreg i 1940 hadde dei trong for å få ei oversikt over den norske befolkninga og korleis det sto til med helsa til nordmennene, og om det var sjukdommar som truga Heinrich Himmler sin «favoritt-rase.» For ifølgje justisministar Sverre Riisnæs var «Jeg elsker nordmenn!» det første Himmler sa då han sette foten på norsk jord for første gang i januar 1941.²²⁶

Fleire i Ragnarøk-kretsen vart også kontakta av SD hausten 1940. Himmler hadde gitt eksplisitte instruksjonar til BdS Stahlecker om å samarbeide med denne kretsen. At desse også vart kontakta direkte av SD viser igjen at Langeland ikkje var ein tilfeldig utvalt sekretær i Oslo kommune. Sjølv om ikkje alle var like SS-lojale, vart mange peikt ut først og fremst som følgje av sin tysksympati, relativt sentrale posisjon i det norske samfunn og faglege kompetanse. Alt dette var Langeland: likningssjef i Oslo, ein kjent føredragshaldar og tyskvenleg.

²²⁵ Langeland (1948), *Dømmer ikke*, s 109

²²⁶ Emberland og Kott, (2012), *Himmlers Norge*, s 14

25. september 1940

Dagane etter den 9. april var det kaos i Noreg. Quisling hadde danna regjering som inkluderte statsrådar som ikkje visste at dei hadde blitt det, og enkelte nekta å møte opp. Denne eigenutnemnde regjeringa rakk ikkje å tre saman fulltalige før den 14. april då ho vart avsett av den tyske okkupasjonsmakta nokre dagar seinare. Dermed vart det oppretta eit administrasjonsråd.

Administrasjonsrådet var eit forretningsministerium som administrerte dei tyskokkuperte delane av Noreg i tida 15. april- 25. september 1940. Rådet vart til i dagane 12.-15. april som eit alternativ til Quisling si kuppetregjering.²²⁷ Rådet vart etter kvart eit organ for staten sine samla verksemd, bortsett frå forsvars- og utanriksaker. Med desse avgrensingane fekk administrasjonsrådsmedlemma omtrent same myndighet som ein statsråd. Tyskarane ynskte å gjere administrasjonsrådet til ei motregjering for på den måten å legitimere okkupasjonsstyret. Den 24. april utnemnte Adolf Hitler, Josef Terboven til rikskommissær for dei besette områda i Noreg.

Terboven organiserte ein tysk siviladministrasjon og innleia forhandlingar med Stortinget sitt presidentskap om eit nytt sentralt administrasjonsorga, eit riksråd.²²⁸ Det mislykkast, og den 26. september vart Administrasjonsrådet avløyst av eit midlertidig råd, det kommissariske.

Den 25. september kom Josef Terboven med erklæringa om «Nyordningen av det norske samfunnet.» Administrasjonsrådet vart avsett etter at riksrådsforhandlingane hadde brote saman. Alle politiske parti med unntak av Nasjonal Samling vart forbode og eit kommissarisk statsråd som for det meste besto av NS-medlem vart danna.

Dei 13 kommissariske statsrådene fekk ansvar for kvart sitt departement med innskrenka myndigheit og utan nokon statsminister som leiar for kollegiet. Tre av råda var «upolitiske» medan resten var NS-medlem, blant andre sogning og justisminister Sverre Riisnæs, og likt som Langeland var han tyskvenleg og godt likt av tyskarane. Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet fekk ingen konstituert statsråd.

Ei rolle som statsråd var neppe tiltenkt Langeland, men han skulle leie ein norsk nazistisk befolkningspolitisk organisasjon. Det som skjedde den 25. september var at Rikskommissær

²²⁷ <https://www.arkivverket.no/arkivverket/Bruk-arkivet/Nettutstillinger/Riksarkivets-vaarslipp-2011/Administrasjonsraadet-15.-april-25.-september-1940>, Lest 06.10.2015

²²⁸ https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/, Lest 06.10.2015

Josef Terboven oppretta fem nye departement: Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart skilt ut frå kultur- og folkeopplysningsdepartementet, Justis- og politidepartementet vart delt i eit justisdepartement, eit politidepartement og eit innanriksdepartement (som også fekk fagområde frå Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet og Sosialdepartementet), og frå Handelsdepartementet vart det skilt ut eit sjøfartsdepartement. Og til slutt vart det oppretta eit Idretts- og Arbeidstenestedepartement.²²⁹

Kanskje vart Langeland var tiltenkt ei rolle i Innanriksdepartementet, som under krigen vart delt opp i fleire avdelingar. Befolkningskontoret var ei av avdeling i helseavdelinga under Innanriksdepartementet som arbeidde med arv og rasepolitikk.²³⁰ I og med at dette kontoret kan knytast til både NS og nazistane, og at det var noko Langeland hadde arbeidd med sidan 30-talet tydar det på at det var denne jobben som var tiltenkt Langeland. Det finst ingen kjelder på det, men etter å ha gått gjennom dei fleste organisasjonane under krigen som inneheld befolkning, rase, nazisme og NS, så er det dette som verkar mest sannsynleg.

Sidan Langeland valte å takke nei til jobben under tilvising til at han var norsk offiser, var det lektor, antisemitt og NS-medlem Sigurd Saxlund som seinare fekk jobben.²³¹ Ein kan gå ut i frå at Saxlund var andre-valet til nazistane, eventuelt fekk han jobben på grunn av NS-medlemskapet. Han var langt i frå så kjent som Langeland i Noreg. Når tyskarane hadde sett seg ut ein person, må det ha vore vanskeleg for dei å finne ein ny «befolkningsekspert» som var dyktig nok til den oppgåva nazistane hadde planlagt i Noreg, hausten 1940.

Er det eit spørsmål eg har stilt meg fleire gonger, så er det om Langeland hadde takka ja til denne jobben dersom han ikkje var norsk offiser. Det var den perfekte jobben for Langeland, dette var sjansen til å redde den «hvite race»²³², likevel takka han nei. Sjølv om nazistane ikkje fekk tak i Langeland, fann dei ein kandidat med dei same haldningane som Langeland, men langt i frå ein med så god oversikt over den norske befolkninga.

²²⁹ https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/, Lest 17.10.2015

²³⁰ https://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2009/helsetilsynetrapport8_2009del31940-1945.pdf, Lest 05.10.2015

²³¹ https://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2009/helsetilsynetrapport8_2009del31940-1945.pdf, Lest 05.10.2015

²³² Aftenposten, 01.02.1938, s 5

Saxlund var også bekymra for undergangen til den nordiske rase og framveksten av andre rasar, noko som ville få alvorlege konsekvensar for Europa dei kommande åra. Dei same tankane hadde også Langeland. Men dette var det einaste Saxlund og Langeland hadde til felles.

Etter at Langeland takka nei til denne stillinga finst det ikkje fleire kjelder om Langeland sine haldningar til okkupasjonsmakta fram mot november 1942. Og det er ikkje teikn som tyder på at han heldt fleire føredrag om den kvite rase og den akutte krise i befolkningsutviklinga i Noreg. Han skreiv heller ikkje liknande kronikkar slik han hadde gjort på 1930-talet.

Mest truleg innsåg han at landet som kunne redde den kvite rase, ikkje var det rette landet likevel. Han skreiv i *Forat I ikke skal dømmes* at det var langt betre å døy enn å leve i ein diktaturstat som Nazi-Tyskland.²³³ Slik omtalte han ikkje det nasjonalsosialistiske Tyskland på 1930-talet. I føredraget frå 1940 sa han at «dersom Tyskland ikkje lukkast med gjenreise folket sin levedyktigheit ville det sjå mørkt ut for den kvite mann.» På denne tida var Langeland også positiv til nasjonalsosialismen, for i boka *Det er liv eller død det gjelder* skreiv han:

Nasjonalsosialismen er ei rørsle som i stor utstrekning er skapt på rasemessig innhald, og nettopp derfor skulle det vere særleg gunstig anledning til å skape den åndsinnstillinga og den livsvilje som til slutt er avgjerande vilkår for rasen sitt liv.²³⁴

Denne «lovprisinga» av Tyskland og nasjonalsosialismen var nærmast ikkje-eksisterande etter krigen.

I 1946 vart Sigurd Saxlund dømt til sju års tvangsarbeid, og måtte betale ei bot på 29.000 kr. Dersom Langeland akseptert tilbodet frå nazistane hadde nok dette også blitt skjebnen til Langeland. Sjølv om han unngjekk å bli dømt under landssvikoppgjeret vart Langeland likevel anmeldt i 1948 av myndighetene ved riksadvokaten for injuriar på grunn av bøkene *Dømmer ikke* og *Forat I ikke skal dømmes*.

²³³ Langeland (1949), *Forat I ikke skal dømmes*, s 120

²³⁴ Langeland (1937), *Det er liv eller død det gjelder*, s 151

Kapittel 13

Langeland i dag

Ingerid Hagen skriv i boka *Oppgjørets time. Om landssvikoppgjørets skyggesider*: «I ettertid er den tidligere Milorg-sjefen, som bygde opp Milorg Stor-Oslo til å bli i særklasse det største Milorg-distriktet i landet, radert ut av historiebøkene. Han er ikke engang omtalt i Norsk krigsleksikon.»²³⁵

Det er fleire som hevdar at det er urettferdig at Langeland ikkje er blitt nemnt i krigslitteratur, blant anna i *Norsk krigsleksikon 1940-1945* frå 1995. Dei som blir nemnt er «Milorg-pionerane» som var med heilt frå starten i 1940. Ein må også hugse at tyskarane endra haldning til nordmennene frå 1940 og fram til 1942. I byrjinga hadde tyskarane fått beskjed om å behandle nordmennene med respekt, dette endra seg fram mot 1942. Då hadde nazistane fått nok av illegalt arbeid, aksjonar, streikar o.l. Nazistane gjekk no hardare til verks, noko som fekk katastrofale følgjer for motstandskampen over heile landet og ikkje berre i Distrikt D-13. Ein av få Milorg-distriktssjefar som har blitt inkludert i *Norsk krigsleksikon* er Major Arne Laudal som organiserte Milorg på Sørlandet, D-18. Han vart derimot arrestert av tyskarane 7. desember 1942, torturert på Arkivet²³⁶ i Kristiansand og overført til Grini. Laudal vart dømt til døden 14. april 1944 og skoten på Trandum 9. mai 1944.²³⁷

Ei anna forklaring er at Milorg vart under krigen organisert i 23 distrikt, der kvart distrikt vart underlagt ein distriktssjef som igjen var underlagt Den sentrale leiinga (SL). Etter fleire opprullingar i 1941/1942 der tidlegare distriktssjefar var blitt erstatta med nye, hadde det med andre ord vore fleire distriktssjefar i Milorg under krigen og eit mindretal av dei er nemnt i *Norsk krigsleksikon*. Det har heller ikkje noko å sei at Langeland var med på å byggje opp det største Milorg-distriktet i Noreg, kvifor skal ein distriktssjef bli nemnt og dei andre utelatt?

Dette betyr at Langeland ikkje er utelatt med vilje av historikarane. Det er Milorg som blir nemnt og det inkluderer alt og alle av dei som var involvert i organisasjonen under krigen. Det mest vanlege i dag er at motstandskampen blir heidra som eit kollektivt fenomen.

Langeland har aldri blitt stroken frå historia. Kor mange Milorg-distriktssjefar kan folk namnet på i dag? Som tidlegare nemnt har det ikkje noko med at Langeland var distriktssjef for den største og mest «slagkraftige» Milorg-avdelinga, som den ofte blir omtalt som. Ei forklaring

²³⁵ Hagen, (2009), *Oppgjørets time. Om landssvikoppgjørets skyggesider*, s 299

²³⁶ Hovudkvarteret til Gestapo på Sørlandet

²³⁷ https://nbl.snl.no/Arne_Laudal, Lest 20.10.2015

på kvifor Milorg D-13 var den største avdelinga er fordi den inkluderte Stor-Oslo, det mest folkerike området i Noreg på den tida og det var også her okkupasjonsmakta hadde sitt «hovudkvarter» med Reichskommissar, Sipo og SD. Milorg D-20.2 Bergen og D-22 Trondheim var like “slagkraftige” på denne tida og D-13 var ikkje det einaste distriktet som opplevde opprullingar utført av Gestapo og norske angivarar mellom 1940-1942. D-22 hadde også ein av dei mest «slagkraftige» bandane etter seg også, på same tid.

Dette er nokre av mine teoriar om kvifor Langeland ikkje blir nemnt i oppslagsverk som *Norsk krigsleksikon 1940-1945* frå 1995.

Konklusjon

I denne oppgåva har det komme fram heilt ny informasjon om Oliver H. Langeland. Dei som har studert Langeland tidlegare har ikkje fokusert på Langeland som ein konservativ nasjonalist som hadde kontakt med ulike nasjonalsosialistiske og konservative foreiningar i tillegg var han også tyskvenleg. Derfor har det vore ein moglegheit for at distriktssjefen i Milorg D-13 faktisk var nasjonalsosialist. Dette er nokre av forklaringane på kvifor Langeland vart kontakta av nazistane i 1940. Alt dette starta på 1930-talet, det var ikkje noko som kom plutselig. Så nazistane hadde nok god kontroll på kva Langeland dreiv med og kven han hadde kontakt med siste halvdel av 1930-talet, sidan det var befolkningssekspert og sekretær Oliver H. Langeland som skulle hjelpe nazistane med befolkningspolitikken i Norge.

Faktorar som spelte inn og som førte til at Langeland vart kontakta av nazistane var den særskilde oversikten han hadde over den norske befolkninga, og den kvite rasen, som gjekk eit tilbake til 30-talet. Boka *Det er liv eller død det gjelder*, fokuserte ein heil del på den tyske befolkninga, han hadde også kontakt med tyskvenlege personar, som Victor Mogens. Langeland hadde også kjennskap til dei nasjonalsosialistiske kretsane i Noreg, som også var særskilde tyskvenlege. Både Mogens og fleire norske nasjonalsosialistar vart kontakta av nazistane i 1940. I byrjinga var det snakk om å halde føredrag på radio om Tyskland. Alle desse fekk tildelt ulike oppgåver frå nazistane under krigen, også Langeland.

Våren og hausten 1940 vart han kontakta av ulike nazistar. Første gong var i samanheng med radioføredraget 23. juli om «Befolkningspolitikk i Tyskland» som han heldt saman med fleire NS-medlem, der dei fleste var handplukka av nazistane og Abteilung Rundfunk. Hausten vart han derimot kontakta ein tysk nazist for å hjelpe til med å byggje opp ein norsk-nazistisk befolkningsorganisasjon for Innanriksdepartementet. I 1942 gjorde han derimot heilomvending og vart distriktssjef for Milorg D-13, fram til han måtte flykte til Sverige, og vidare til England i 1944.

Litteraturliste

- Braham, Randolph H (1983), *Contemporary Views on the Holocaust* (New York, Springer)
- Bergfald. Odd (1978), *Gestapo i Norge* (Oslo, Hjemmenes)
- Bryne, Arvid (2012), *Krig og sannhet. Langelandsaken og landssvikoppgjøret* (Oslo, Akademika)
- Dahl, Hans Fredrik o.fl. (1995), *Norsk krigsleksikon 1940-45* (Oslo, Cappelen)
- Dahl, Hans Fredrik (1978), *Dette er London: NRK i krig 1940-1945* (Oslo, Cappelen)
- Dahl, Hans Fredrik (1991), *NRK i fred og krig. Kringkastingen i Norge 1920-1945* (Oslo, Universitetsforlaget)
- Diesen, Terje (1997), *Milorg i Stor-Oslo* (Oslo, Orion)
- Emberland, Terje (2003), *Religion og rase: Nyhedenskap og nazisme i Norge 1933-1945* (Oslo, Humanist)
- Emberland, Terje og Kott, Matthew (2012), *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske prosjekt*, (Oslo, Aschehoug)
- Emberland, Terje & Roughtvedt, Bernt (2004), *Det ariske idol: Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund* (Oslo, Aschehoug)
- Fyrst (Fürst), Walter (1981), *Min sti*, (Oslo, forf.)
- Foredrag om det nye Tyskland (1940), (Oslo, G. Stenersens forlag)
- Gram, Harald og Steenstrup, Bjørn (1950), *Hvem er hvem 1950* (Oslo, Aschehoug)
- Gregor, James A (1960), *Nordicism Revisted* (Phylon)
- Grüner-Hegger, Rolf (1990), *Gestapo henter deg om natten* (Oslo, Gyldendal)
- Hagen, Ingerid (2009), *Oppgjørets time. Om landssvikoppgjørets skyggesider* (Oslo, Spartacus)
- Langeland, Oliver H. (1937), *Det er liv eller død det gjelder* (Oslo, Cappelen)
- Langeland, Oliver H. (1948), *Dømmer ikke*, (Oslo, Familieforlaget)
- Langeland, Oliver H. (1949), *Forat i ikke skal dømmes* (Oslo, Heim og samfund A/S)
- Mjøen, Jon Alfred (1938), *Rasehygiene* (Oslo, Jacob Dybwads forlag)
- Norland, Andreas (1973) *Hårde tider: Fedrelandslaget i norsk politikk* (Oslo, Dreyers)
- Nøkleby, Berit (2003), *Gestapo i Norge. Tysk politi i Norge 1940-45* (Oslo, Aschehoug)
- Nøkleby, Berit (1992), *Josef Terboven – Hitlers mann i Norge* (Oslo, Gyldendal)

Roughvedt, Bernt (2011), *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie* (Oslo, Cappelen)

Sørensen, Øystein, Hagtvet Bernt, Brandal Nik (2014), *Intellektuelle og det totalitære. Pervertert idealisme?* (Oslo, Dreyers)

Taraldsen, Kristen (1994), *Frihetens flamme – Major Laudal og hans menn* (Fædrelandsvennen)
Studentene fra 1910 (1935), (Oslo, J. Chr. Gundersen)

Tidsskrift og aviser:

ABC

Aftenposten

Arbeiderbladet

Drammens Tidene

Fritt Folk

Nationen

Ragnarok

Tidens Tegn

Verdens Gang

Riksarkivet, Oslo:

RAFA-3915: Forsvarets overkommando II. Questionaires. Tyske okkupasjonsstyrker i Norge.

Tyskere

RA/S-4895: Programsaker: Foredrag, propaganda etc. Amerikasendingene. Norsk rikskringkasting, Hans Fredrik Dahls samling

RAFA-2174: Diverse korrespondanse. Tyske arkiver, Reichskommissariat. Sakarkiv Abteilung Rundfunk

Straffesak nr. 82/1950. Den offentlige påtalemyndighet mot Oliver H. Langeland

Riksarkivet, Sverige, Stockholm:

Statens Utlänningskommision, Kanslibyrån, F1ABA: 2254, Oliver Langeland

Internettkjelder:

https://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2009/helsetilsynetrapport8_2009del31940-1945.pdf,

<http://www.ht08.no/Default.aspx%3Fpageid=867.html>,

https://nbl.snl.no/Victor_Mogens,

http://michaelquarterly.no/index.php?seks_id=111540&a=1,

https://snl.no/Wilhelm_Rediess,

http://www.fortid.no/tidsskrift/download/fortid_0902.pdf,

http://www.hlsenteret.no/undervisning/materiell/pdf/Holocaust_og_raselere_videregaende.pdf,

https://nbl.snl.no/Walter_Fyrst,

<http://digitalarkivet.arkivverket.no/kb/kf/person/pk00000000202527>,

<http://www.nrk.no/skole/klippdetalj?topic=nrk:klipp/337561>,

<https://arkivverket.no/arkivverket/Tema/Andre-verdskrig/Samfunnslivet/Radio-og-kringkasting>,

http://www.nsd.uib.no/polsys/index.cfm?urlname=polsys&lan=&MenuItem=N1_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=33&person=11720,

https://nbl.snl.no/Charles_Hoff,

https://snl.no/Per_Reidarson,

<https://snl.no/Krystallnatten>,

<https://www.arkivverket.no/arkivverket/Bruk-arkivet/Nettutstillinger/Riksarkivets-vaarslipp-2011/Administrasjonsraadet-15.-april-25.-september-1940>,

https://www.regjeringen.no/no/om-regjeringa/tidligere/ministerier_regjeringer/norge-i-krig/departementene-1940-1945---under-tysk-ok/id438672/,

<https://snl.no/Fedrelandslaget>,

https://nbl.snl.no/Ranik_Halle,

<http://www.nb.no/nbsok/nb/843ce7945604cdeef48304d8ae6ac49b?index=70#55>,

https://nbl.snl.no/Arne_Laudal,

https://nbl.snl.no/Albert_Viljam_Hagelin,

Das neue Deutschland.
=====

1. Deutschland als totalitärer Staat.
22.7. Dr. Aall

2. Die Bevölkerungspolitik im Neuen Deutschland
23.7. Langeland

3. Die Rechtsordnung im Neuen Deutschland
29.7. Augdahl *nei?*

4. Die Stellung der deutschen Frau
30.7. Gyvör Hanson

5. Erziehung und Unterricht im Neuen Deutschland.
2.8. Meidell ✓

6. Deutschlands Finanzpolitik.
5.8. Winther - Hjelm. *nei?*

7. Die Sozialpolitik im Neuen Deutschland.
6.8. Augdahl *nei?*

8. Der Sport im neuen Deutschland.
9.8. Charles Hoff?

9. Die nationalen Ernährungsfragen.
12.8. Klevar

10. Die Aufklärungsarbeit.
13.8. Victor Mogens (*ner*)

11. Straßen und Bauten im Neuen Deutschland.
16.8. Petersen *høst ikke party*

12. Deutsche Kultur.
19.8. Claus Hansen

13. Die bildende Kunst.
20.8. Rasmussen (*høst ikke*)

14. Deutsches Musikleben.
23.8. Reidarson.

15. Deutschland und Norwegen in der Gegenwart und Zukunft.
25.8.

